

Ingrid Flatebø Dørum

**Eg aksepterer setninga
for det om at den er litt rar**

Ein generativ analyse av subjunksjonssystemet
i adverbiale leddsetningar

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, april 2012

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for nordistikk og litteraturvitskap

Forord

Framfor alt, tusen takk til rettleiar Tor A. Åfarli, som hadde ideen til prosjektet og har gitt snarrådde og konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet! Takk til Heidi Brøseth for hjelpa i arbeidet med prosjektskissa. Takk til den hjelpsame administrasjonen ved INL og til flinke studiekameratar for oppgåvedrøfting i lange pausar, Silje, Astrid, Kathrine og Alma.

Stor takk til dei kloke informantane mine, som har svara på utruleg mange spørsmål (omtrent tre gonger så mange som ein skulle tru ut frå den ferdige teksten), og vore med på diskusjonar om kvifor den eine eller den andre setninga er god eller dårleg. Dette har vore veldig hjelpsam og viktig for resultatet.

Vidare ønskjer eg å takka Høgskolen i Bergen, der eg gjennomførte studium på lågare grads nivå. Norskseksjonen der, og særleg Kjartan Sørland, inspirerte meg til å ta meir utdanning innan norsk språkvitskap. Takk til kollokviegruppa (og seinare gode lærarkollegaer) Lene Andrine, Åsgaut og Ingvild.

Takk til mor og far for all slags hjelp og oppmuntring. Takk til Ole Aksel som er ein fantastisk støttespelar.

Feil og manglar i oppgåva har eg laga heilt sjølv.

Trondheim, april 2012

Ingrid

Forord	3
1 Innleiing	7
1.1 Problemstilling.....	7
1.1.1 Subjunksjonar i deskriptiv grammatikk og i generativ grammatikk.....	7
1.1.2 Problemformulering.....	8
1.2 Teoretisk rammeverk	9
1.2.1 Universell grammatikk, I-språk og E-språk.....	9
1.2.2 Generativ representasjon av frasestruktur.....	9
1.3 Metode	11
1.3.1 Datamaterialet og korleis det er samla inn.....	11
1.3.2 Diskusjon av metode.....	13
1.4 Om oppbygginga av oppgåva	14
2 Teori.....	15
2.1 Bakgrunn.....	15
2.2 CP-rekursjons-analysen	16
2.3 Rizzis splitta CP.....	20
2.4 Stroh-Wollins splitta CP	23
2.5 Westergaard og Vangsnes' splitta CP.....	26
2.6 Vurdering.....	29
3 Empiri.....	33
3.1 Om kapittelet	33
3.2 Oversyn med semantisk inndeling.....	33
3.2.1 Årsakssetningar	33
3.2.2 Føremålssetningar	36
3.2.3 Vedgåingssetningar	37
3.2.4 Vilårssetningar	39
3.2.5 Følgjesetningar.....	43
3.3 Observasjonar	44
4 Analyse.....	45
4.1 Grunnlag	45

4.1.1	Observasjonar	45
4.1.2	Innleiande idear til ein analyse	45
4.2	Eksperiment og forslag til frasestruktur	46
4.3	Enkel CP	48
4.3.1	Vilkårssetningar med <i>om</i>	48
4.3.2	Vilkårssetningar med finitt verb først	49
4.3.3	Vilkårssetningar med <i>viss</i>	50
4.4	Preposisjonsfrase + CP	54
4.4.1	<i>For at-</i> og <i>for å-</i> setningar	54
4.4.2	<i>Fordi-</i> setningar	56
4.4.3	<i>Fordi om-</i> setningar.....	60
4.5	Splitta CP	61
4.5.1	<i>Sjølv om-</i> og <i>endå (om)-</i> setningar	61
4.5.2	CP eller SubP?	63
4.5.3	<i>Så sant-</i> og <i>så fram-</i> setningar, og andre	65
4.6	Adverbiale leddsetningar med intern tematisering	67
4.6.1	<i>Uansett+</i> spørjeord.....	67
4.6.2	<i>Same kva-</i> setningar	69
4.6.3	<i>Når-</i> og <i>sidan-</i> setningar	70
5	Konklusjon	73
5.1	Oppsummering av analysen.....	73
5.2	Resultat	74
5.3	Muleg vidare arbeid	74
6	Litteratur.....	77
7	Tillegg	79
7.1	Data frå Nordic Dialect Corpus	79
7.2	Akseptabilitetsundersøking.....	89
8	Samandrag.....	93

1 Innleiing

Tema for denne oppgåva er korleis adverbiale leddsetningar er innleidde i norsk munnleg språk. Felles for adverbiale leddsetningar er at dei modifierer det verbale innhaldet i oversetninga, semantisk sett på same måte som eit predikatsadverbial. Leddsetningane er knytte til oversetninga med ulike innleiarord som viser funksjonen til leddsetninga i relasjon til oversetninga. Desse innleiarorda kan vera svært ulike formelt. Eg gir eit oversyn over ein del relevante konstruksjonar, og føreslår ein generativ analyse av venstreperiferien i desse setningane.

1.1 Problemstilling

1.1.1 Subjunksjonar i deskriptiv grammatikk og i generativ grammatikk

Ordklassa *subjunksjon* kom inn i den norske, deskriptive grammatikken med *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997), heretter kalla NRG. Her blir ordklassa presentert som ei gruppe ubøyelege ord som har til oppgåve å innleia leddsetningar. Tidlegare gjekk desse orda under nemninga *underordnande konjunksjonar*, men ”de skiller seg syntaktisk så klart fra de egentlige konjunksjonene at de må regnes som egen ordklasse” (NRG: 25). Nokre ord eller uttrykk som blir kalla subjunksjonar i NRG, er *at, som, å, i tilfelle, om, viss, sidan, skjønt, fordi, ettersom, av di, for at, så fram, med mindre, slik at, endå, når*, utelaten subjunksjon (*at*), osv.¹ Som vi ser, er det ei variert gruppe av både enkeltord og frasar.

I generativ grammatikk blir termen subjunksjon meir snever. Her er ein subjunksjon ein kjernekategori, noko som vil seia at det berre kan vera eitt enkelt ord. Når vi ser at komplekse ordsamband eller frasar òg kan fungera som setningsinnleiarar, er det ei utfordring for den vanlege, generative analysen. Hovudproblemet i denne oppgåva har å gjera med leddsetningar som er innleidde med meir enn eit ord. Her er nokre eksempel på slike setningar:

(1)²

- a. Sa du det berre [**fordi at** eg skulle bli sjalu]?
- b. Eg hadde mista billetten, [**slik at** eg ikkje kom inn].

¹ Utvalet er henta frå kapittel 11.

² Frå NRG, ulike stader i kapittel 11.

- c. [Viss at han skulle komme igjen], så let vi vere å opne.
- d. [Sjølvs om du hadde gitt meg bilen gratis], ville eg ikkje hatt han.

1.1.2 Problemformulering

Mange adverbiale leddsetningar er altså innleidde med meir enn eitt ord. Sidan kjerneposisjonen ikkje har plass til meir enn eitt ord, er det då interessant å finna ut kvar dei orda som ikkje står i kjerneposisjon, høyrer heime. Hovudproblemstillinga mi blir (2):

- (2) Korleis kan generativ teori forklara førekomsten av fleire enn eitt innleiarord i adverbiale leddsetningar, gitt at slike konstruksjonar blir vurderte som grammatikalske av språkbrukarane sjølve?

Dette vil seia at eg vil nytta eit generativt rammeverk for å føreslå ein analyse for innleiarelementa i adverbiale leddsetningar. Eg vil avgrensa oppgåva til å gjelda dei adverbiale eksplikativsetningane (NRG: 1033), som fungerer som frie adverbial til hovudsetninga. Innhaldet i dei adverbiale eksplikativsetningane er anten årsak til, følge av, føremål for, vedgåing til eller vilkår for innhaldet i hovudsetninga. Dei adverbiale eksplikativsetningane viser ikkje til noko bestemt ord i oversetninga.

Dei adverbiale leddsetningane som uttrykkjer stad eller tid, blir typisk kalla implikativsetningar (NRG: 1047-1048). Dei kan analyserast som ein type relativkonstruksjonar, og er formelt annleis enn dei adverbiale eksplikativsetningane, ved at dei er knytte til eit korrelat i oversetninga. Korrelatet er underforstått i ein tom posisjon i leddsetninga (relativsetninga), og ein abstrakt operator som semantisk høyrer til korrelatet, A'-flyttar frå den tomme posisjonen og til spes-CP (Åfarli og Eide 2003: 271-277). Dei implikative setningane vil eg ikkje konsentrera meg om i denne oppgåva, mest for at oppgåva ikkje skulle få for stort omfang. Eg vil likevel trekkja inn nokre setningar for samanlikning i analysekapittelet.

1.2 Teoretisk rammeverk

1.2.1 Universell grammatikk, I-språk og E-språk

Den medfødde universelle grammatikken, UG, er ein grunnleggjande hypotese innanfor generativ grammatikk. Vi kan sjå på UG som eit system med prinsipp som er felles for menneskearten, og som er til stades i kvart individ før individet har fått erfaringar med språk (Chomsky 1981, i Haegeman 1994: 13). Ein universell grammatikk kan vera forklaringa på kvifor barn lærer språk på ein så enkel og naturleg måte.


UG må vera smal nok til å løysa språktileigningsproblemet, men likevel vid nok til å romma den grammatiske variasjonen mellom ulike språk (Åfarli 2000: 31). Difor blir UG rekna som eit sett av prinsipp som er felles for alle språk, og eit tal parametrar som har ulike (binære) verdiar i ulike språk (Åfarli og Eide 2003: 18). Til eksempel har det blitt formulert ein kjerneparameter, som bestemmer kvar komplementet står i forhold til kjernen (Radford 1997: 20). Dette tyder at alle språk har anten kjernen først, som norsk eller engelsk, eller kjernen sist, som japansk (Boeckx 2006: 58).

Studieobjektet for generative grammatikarar er altså UG og korleis UG fungerer i ulike språk. UG kan ikkje bli direkte observert, men ein reknar med at UG er grunnlaget for eit indre språk, I-språket. I-språket er det som språkbrukaren tileignar seg, og er produktet av UG og språkleg stimuli. E-språket, det ytre språket (E for *external language*), er det vi kan observera, som tale eller tekst, og det er E-språk som utgjer den språklege stimulien som trengst for språktileigning. Generative grammatikarar er primært interesserte i I-språket, og målet er å beskriva I-språket ved å laga ein representasjon eller modell av dette systemet (Åfarli 2000: 30).

1.2.2 Generativ representasjon av frasestruktur


Setningar er bygde opp av frasar. Verbfrasen er essensiell, dessutan kan setningar ha fleire nomenfrasar, adjektivfrasar, preposisjonsfrasar, og andre frasar. Alle frasar har ein kjerne som bestemmer kva slags frase det er. Ein skil gjerne mellom leksikalske kjernar, som rotforma av substantiv (N) og verb (V), og funksjonelle kjernar, som D, T og C (Platzack 2011: 70 og 77). Dei sistnemnte har ulike funksjonar i setninga. C står for *complementizer*, det engelske ordet for subjunksjon. I C-kjernen står subjunksjonen, som har til funksjon å innleia leddsetningar:

(3) Han spurde [om du likte boka.]



Dette er ein derivasjonell grammatikkmodell der ord og morfem blir henta frå det mentale leksikonet, og flyttar til bestemte posisjonar som ledd i derivasjonen. Dette vil seia at vi reknar med at ord og morfem blir basegenererte ein plass i strukturen, til eksempel blir verbet posisjonert i V. Ulike krav gjer at orda eller morfema må flytta, til eksempel skal vi rekna med at tempus-projeksjonen T trekkjer verbet til seg. Dette markerer eg med eit spor, *t* (for *trace*), i den basegenererte posisjonen, og så blir både verbet som har flytta og sporet av verbet ko-indekserte (med ein j). I figuren over er det vist verbflytting frå V-kjernen til T-kjernen, og subjektsflytting frå VP til TP, som eksempel på nokre flyttingar som ein reknar med at derivasjonen av setninga inneber. Eg vil nytta ein frasestrukturell representasjon som er lik den i *Norsk generativ syntaks* (Åfarli og Eide 2003).

I følgje X'-teori får alle projeksjonar tre nivå: Ordnivå, bar-nivå, og frasenivå (cf. Adger 2003: 115). Vi seier at ein kjerne projiserer opp til bar-nivå og vidare opp til frasenivå. Kjernen kan òg knyta til seg eit element som ei utfylling. Dette elementet kallar vi komplement. Over kan vi sjå at komplementet til V-kjernen er *boka*. Komplementa står til høgre for kjernen i norsk. Forbindinga mellom kjernen og komplementet gir eit bar-nivå, V'. Det tyder at dette ikkje er den maksimale frasen med V som hovudord, og heller ikkje den minimale, som er V. V' knyter seg til ein spesifikator, og V' og spesifikatoren (spes-VP) blir spleisa saman til VP. Når vi reknar med at X'-teori gjeld alle setningsnivå, ser vi at C-kjernen projiserer opp til ein CP, som blir den øvste projeksjonen i setninga (cf. Platzack 2011: 91):



Subjunksjonen blir basegenerert i C-kjernen, det vil seia at den blir posisjonert der når den blir tatt inn frå det mentale leksikonet. Som vi skal sjå i teorikapittelet, reknar vi med at det finitte verbet flyttar til C i norske hovudsetningar, altså i setningar der C ikkje er fylt av ein subjunksjon. Ein vanleg hypotese er at det er dette som gir ordstillinga V2 i hovudsetningar, og ikkje-V2 i leddsetningar (*cf.* Holmberg og Platzack 1995).

Ein spesiell type flytting som blir lagt til C-omenet, er A'-flytting. Dette kan vera flytting både av argument og ikkje-argument, men flyttinga skjer til ein A'-posisjon, ein ikkje-argument-posisjon (Åfarli og Eide 2003: 254). Spes-CP er ein slik posisjon. Hit flyttar kv-frasar og tematiserte element (eller subjektet). Eit element som flyttar ut av setninga og opp i ei høgare setning, må innom spes-CP, både i den setninga elementet er basegenerert i, og eventuelt i setningar som elementet flyttar gjennom, før det endar i spes-CP i setninga som elementet flyttar til. Flyttinga skjer syklisk, og alltid til nærmaste relevante posisjon (*ibid.*: 259).

Denne oppgåva har som mål å forklara variasjonen i korleis adverbiale leddsetningane kan bli innleidde, og laga ein hypotetisk modell over frasestrukturane som genererer desse setningane. For å få til dette vil eg nytta både produksjonsdata (E-språk) og andre metodar som er eigna til å få innsikt i sider ved I-språket.

1.3 Metode

1.3.1 Datamaterialet og korleis det er samla inn

Til denne oppgåva har eg nytta to typar data. Den eine typen er språkproduksjon som er henta frå Nordic Dialect Corpus. Det er eit elektronisk korpus som blei oppretta av forskingsnettverket ScanDiaSyn og Nordic Center of Excellence in Microcomparative Syntax i samarbeid med Tekstlaboratoriet. Korpuset inneheld transkribert og tagga spontantale frå heile Norden (Johannessen, Priestley, Hagen, Åfarli og Vangsnes 2009). Den andre typen data er akseptabilitetsvurderingar frå norske språkbrukarar.

Eg har søkt i det elektroniske korpuset etter vanlege ord og frasar som innleier adverbiale leiddsetningar (sjå figur 1). Søkjerresultata er i form av strengar av tale (sjå figur 2):

The screenshot shows the search interface for the Nordic Dialect Corpus. At the top, it says 'Nordic Dialect Corpus' and 'Glossa (my results | my ann...'. The search area has two input fields for 'æøå...' and a search box containing 'fordi' and 'at' with an interval set to 'at'. There are also 'min' and 'max' options. Below the search box are buttons for 'add phrase' and 'delete phrase'. To the right, there are buttons for 'Search corpus' and 'Reset form'.

Figur 1.³ Ein del av brukargrensesnittet til Nordic Dialect Corpus. Her har eg skrive *fordi+at* i søkjefeltet.

The screenshot shows the search results page for 'fordi at'. The URL is 'tekstlab.uio.no/cgi-bin/glossa/query_dev.cgi'. It shows 'Informants: 554', 'scandiasyn:', 'searching', and 'CWB expression: "(((word="fordi" %c))(((word="at" %c)))) ;"'. There is an 'Action:' dropdown menu and a 'Map' button. The number of results is '485'. The results are paginated, with '1' selected. Two results are shown: 'aal_01um' with the text 'fordi at # både # i Hol # og på Gol # så pra- og Torpo for_så_vidt så prater de på " ø "' and 'aal_04gk' with the text 'jeg ringte til hun M1 nettopp her en dag fordi at han # var noe han hadde vært med som det skreiv han'.

Figur 2. Eit vindauge med søkjerresultat frå søket i figur 1.

Desse strengane av tale har eg lese gjennom for å finna adverbiale leiddsetningar, helst med klar samanheng med oversetninga. Kapittel 3 inneheld mange setningseksempel som er funne på denne måten. Søkjerresultata står i tillegget (7.1) i den forma dei hadde før dei blei omarbeidde.

I arbeidet med analysen manipulerte eg med setningsstrukturen for å avdekkja eigenskapane til dei ulike innleiarorda, og fekk informantar til å vurdere desse setningane. Denne metoden er ein form for introspeksjon, det vil seia at ein ber informantane nytta sin

³ Figurane i dette kapitlet er utsnitt av skjermdump frå arbeid med Nordic Dialect Corpus: <http://tekstlab.uio.no/glossa/html/?corpus=scandiasyn> . Interesserte lesarar må oppretta brukarkonto for å få søkja i databasen.

språklege intuisjon for å avgjera kva for setningar som er akseptable og uakseptable (Johannessen 2003, 138-139). Dette lèt oss utforska ”yttergrensene for hva grammatikken tillater” (*ibid.*: 140).

Undersøkinga blei gjort som intervju av fem personar med norsk som morsmål, og frå ulike delar av landet. Eg skriv meir om kva undersøkinga skulle få greie på, og kva for resultat eg fekk, i kapittel 4. Dessutan er heile undersøkinga gitt att i tillegget (7.2).

1.3.2 Diskusjon av metode

Sjølv om korpuset er omfattande, inneheld det ikkje alle eigenskapane ved grammatikken til dei som har bidrege; det inneheld berre ein del av produksjonen. Det vil seia at om ein bestemt konstruksjon ikkje finst i korpuset, kan vi likevel ikkje laga ein regel som utelukkar den. Konstruksjonen kan vera for sjeldan brukt, eller for merkeleg pragmatisk til å koma fram i spontantale eller i skrift. Datamaterialet kan ikkje sjølv seia kvifor noko ikkje førekjem (Johannessen 2003: 2). Det som generative grammatikarar ønskjer å kartleggja, er den grammatiske røynda som ligg bakom språkbrukarane sin grammatikk-kompetanse, og då treng vi forskingsmetodar som lèt den koma til syne.

Informantar kan gi ei akseptabilitetsvurdering av setningar som ein ikkje kan finna i eit korpus, og på den måten kan dei visa fleire av eigenskapane til grammatikken sin. Akseptabilitetsundersøkinga mi skulle gi svar på kva for konstruksjonar språkbrukarane tillet og ikkje tillet. Mulege problem med denne metoden er at setningar som oftast kan ha fleire tolkingar, og ein bør vera viss på at informanten er innforstått med kva for tolking som er relevant. Til eksempel bad eg om ei vurdering av denne setninga:

(4) At du ville lesa den boka, blei eg glad for det.

Når informanten får høyra ei slik setning, vil den mest nærliggjande tolkinga vera den som gir meining for informanten. Fleire av informantane mine endra meininga i setninga til denne:

(5) At du ville lesa den boka, blei eg glad for, det.

Sjølv om eg presiserte at det ikkje var den tolkinga som var interessant i denne samanhengen, og las (4) med tydeleg, søkkande tonefall mot slutten, var det vanskeleg å ”viska ut” den første forståinga informantane hadde fått av setninga. Liknande problem blir diskuterte i analysekapittelet etter kvart som dei blir relevante.

1.4 Om oppbygginga av oppgåva

I dette første kapitlet har eg presentert problemstillinga og forklart kva for teoretisk rammeverk som ligg til grunn for oppgåva.

I neste kapittel, teorikapitlet, vil eg leggja fram nokre teoriar om CP, og vurderer om desse kan forklara variasjonen i subjunksjonssystemet i adverbiale leddsetningar. Framstillinga er historisk, ved at dei eldste teoriane blir presentert først. Eg presenterer ein CP-rekursjonsanalyse og tre ulike analysar der CP er splitta.

Kapittel 3 er eit empirikapittel, som gir eit oversyn over korleis adverbiale leddsetningar blir innleidde på norsk, i munnleg, spontan produksjon. Eksempelsetningane blir ordna semantisk, det vil seia at dei står grupperte som årsaks-, vilkårs-, vedgåings-, føremåls- og følgjesetningar.

Kapittel 4 inneheld analysen min, der eg eksperimenterer med uttrekking frå leddsetningar for å avdekkja frasestrukturen i venstreperiferien. Kapitlet er bygd opp slik at dei ulike analysane blir lagde fram frå den enklaste til den mest komplekse.

Kapittel 5 er konklusjonen, der eg seier noko om kva denne oppgåva viser, og peikar på muleg vidare forskning.

2 Teori

2.1 Bakgrunn

CP blir introdusert av Noam Chomsky i *Barriers* (1986). Her utvidar han X'-teorien til å gjelda for dei funksjonelle kategoriane I og C så vel som for dei leksikalske. Før dette hadde projeksjonane som no blir kalla IP og CP, heitt S og S' (*ibid.*: 3). Éin grunn til å endra på dette, var at S ikkje kunne seiast å vera ein projeksjon av ein S-kjerne, og at det difor braut med prinsippet om endosentrisitet. Endosentrisitet vil seia at alle frasar skal innehalda ein kjerne, som nemnt i innleiinga. CP blei det endosentriske motstykket til S', sidan CP er ein projeksjon av ein C-kjerne. C er ein funksjonell kategori. Utover tydinga at det ikkje er en leksikalsk kategori, kan det òg tolkast slik at C sjølv skal femna ein del funksjonar. Venstreperiferien, altså det som finst til venstre for IP (/TP⁴), har fått ulike oppgåver av ulike syntaktikarar.

Det har blitt hevda at C-domenet spesifiserer setningstypen (Rizzi 1997), ved, til eksempel, å trekkja til seg kv-frasar i interrogative setningar. Ein vanleg hypotese om årsaka til V2 er at C inneheld finittheitstrekk som gjer at verbet flyttar dit i hovudsetningar (Holmberg og Platzack 1995). C-domenet er utsett for seleksjon frå høgare strukturar (Rizzi 1997), og kan difor innehalda eventuelle subjunksjonar og mellom anna relativoperatorar. Tematisering av til eksempel argument eller predikatsadverbial skjer òg til venstreperiferien. I V2-språk som norsk vil nokre av desse elementa utelukka kvarandre frå C-domenet, som subjunksjon og finitt verb. I (1b) ser vi at vi ikkje kan ha både subjunksjon og framflytting av verb i leddsetningar. Dessutan kan vi til vanleg berre ha ein konstituent før det finitte verbet i hovudsetningar. Sjå til eksempel (1d), som har to ledd (direkte objekt og predikatsadverbial) føre det finitte verbet.

(1)

- a. Han spurde [om dei hadde kjøpt boka].
- b. *Han spurde [om hadde dei kjøpt boka].
- c. I går hadde dei kjøpt boka.
- d. *Boka i går hadde dei kjøpt.

Ei stjerne, *, føre setninga markerer at setninga er ugrammatikalsk.

⁴ Eg kallar projeksjonen TP (*tense phrase*), men det var vanleg å kalla denne IP (*inflectional phrase*). Når eg gir att dei ulike teoriane her, nyttar eg dei same termane som teoretikarane gjer.

Likevel finst det konstruksjonar der det kan vera akseptabelt med både subjunksjon og tematisering:

- e. Han sa [at denne boka måtte dei kjøpa i dag].

Dessutan har vi alt sett at fleire subjunksjonar i same setning er nokså vanleg (*viss at, fordi om*, og mange andre). Desse er subjunksjonar i NRG sin terminologi. Eg tar stilling til kva desse elementa eigentleg bør kallast i analysekapittelet.


Dei varierte oppgåvene som C-domenet har, motiverte Rizzi (1997) til å dela det opp i ulike funksjonelle projeksjonar, på liknande måte som Pollock (1989) gjorde med IP (Rizzi 1997: 281). Dei følgjande delkapitla gjer greie for eit utval teoretiske tilnærmingar til strukturar internt i C-domenet. Eg vil gå nærmare inn på Holmberg og Platzacks (1995) rekursive CP, Rizzis (1997) splitta CP, Stroh-Wollins (2002) splitta CP, som omfattar variasjonane i skandinaviske relativsetningar og andre leddsetningar, og Westergaard og Vangnes' (2005) CP, som er splitta på grunnlag av variert ordstilling i norske dialektar.

2.2 CP-rekursjons-analysen

Holmberg og Platzack hevdar at det finst to typar språk, dei som har dei abstrakte trekka tempus og finittheit under same funksjonelle kjernar, og dei som har tempus og finittheit under ulike funksjonelle kjernar (1995: 43). I tråd med analysen til Pollock (1989), blir trekket finittheit markert med $[\pm F]$ (Holmberg og Platzack 1995). $[+F]$ finn vi i finite setningar, og $[-F]$ i infinite setningar, men analysen konsentrerer seg om $[+F]$. $[+F]$ er i I-kjernen i ein del språk, og i C-kjernen i ein del andre (*ibid.*: 47).

I følgje denne analysen (Holmberg og Platzack 1995: 45) er $[+F]$ i C-kjernen i V2-språk, så C trekkjer til seg det finite verbet. V2-språk kan ha ein konstituent før det finite verbet i C i hovudsetningar, og då må den stå i spesifikatorposisjonen til C, altså spes-CP. Når subjunksjonen opptar C, kan det finite verbet ikkje flytta dit, og då er det subjunksjonen som leksikaliserer $[+F]$. Analysen av hovudsetningar er vist i (2a), og analysen av leddsetningar er vist i (2b) (Holmberg og Platzack 1995: 75).

(2)



Dei reknar med at det finitte verbet ikkje flyttar ut av VP i synleg syntaks i skandinaviske leddsetningar, og at setningsadverbialet blir venstreadjungert til VP. Som vi ser, står setningsadverbial til høgre for verbet i hovudsetningar og til venstre for verbet i leddsetningar, som er innleidde med ein subjunksjon som blokkerer for verbflytting til C. I ikkje-V2-språk får ein som venta ingen skilnad i distribusjon av setningsadverbial i hovudsetningar og leddsetningar, sidan det finitte verbet i begge tilfella flyttar til I, der [+F]-trekket er (*ibid.*: 45-46):

(3)

- a. Jean n'a pas acheté le livre.
- b. que Jean n'a pas acheté le livre.


Leddsetningar som likevel har hovudsetningsleddfølgje, er eitt av problema med denne forståinga av CP. (4a) er eit eksempel på dette. Der finn vi både subjunksjon og eit tematisert element før det finitte verbet.

(4)

- a. Jan sa at denne boka burde eg ha lese.

Subjunksjonen *at* har berre ei muleg plassering i (4a), i C. Det tematiserte direkte objektet burde vore i ein spes-CP. Det går ikkje an å flytta det til spes-TP, for det er ein subjeksposisjon. På grunnlag av dette burde setninga vore ugrammatisk, men den er akseptabel. Holmberg og Platzack (1995: 80) viser ei muleg løysing på dette. Når subjunksjonar er basegenererte i C, og subjunksjonen blir følgt av ei hovudsetning, kan ein seia at C vel ut ein CP til komplement. Strukturen blir då ein rekursiv CP, som i (4b).

b.




Denne analysen kan òg forklara kvifor tematisering i kv-spørsmål vanlegvis er ganske dårleg, noko som kan skriva seg frå prinsippet om relativisert minimalitet. Tematisering til den lågare spes-CP-en fører til blokkering av A'-kjeden frå kv-ordet til sin basegenererte posisjon nede i setninga (Holmberg og Platzack 1995: 82, mi omsetting):

(5)

a. *Eg veit ikkje kvar i går stod kua.

b.



Holmberg og Platzack hevdar vidare at [+F] styrer nominativt kasus, og at [+F] har eit lisensieringsvilkår, som òg er eit synlegheitsvilkår, noko som inneber eit krav om at kjernen blir leksikalsk realisert (1995: 46). Dette gjer at kvart tilfelle av [+F] må vera leksikalisert og styra eit anna fonetisk realisert element med nominativ, eller spor av eit slikt (*ibid.*: 44). [+F] krev difor at subjektet flyttar frå spes-V til spes-I for å bli kjernestyrt (*ibid.*: 51), eventuelt krev [+F] innsetjing av ekspletiven *det* i subjeksposisjonen. Når ekspletiven og subjektet i spes-VP er koindekserte, blir nominativen lisensiert indirekte (*ibid.*).

På bakgrunn av dette med [+F] som nominativsstyrar, blir analysen nytta for å forklara skilnader mellom språk med og utan nominativ Agr, altså med og utan morfologisk synleg kongruens mellom subjektet og verbet. Holmberg og Platzack (1995) hevdar at språk med Agr, som islandsk og andre øy-skandinaviske språk, har [+F] i begge C-posisjonane. Argumentasjonen for dette er ikkje direkte relevant for denne oppgåva, og eg oppmodar lesaren om sjølv å undersøkje kapittel 3 i Holmberg og Platzack (*ibid.*). Eg vil likevel trekkja fram eitt av argumenta for denne modellen.

Leddsetningar med hovudsetningsordstilling har ulik tolking i øy-skandinavisk og fastlandsskandinavisk. Konstruksjonen er utbreidd i språk med Agr, men den er avgrensa til å fungera berre i hevda proposisjonar i språk utan Agr (Holmberg og Platzack 1995: 86). At ein proposisjon er hevda, vil seia at talaren står inne for innhaldet. Samanliknar vi (6a) og (6b), ser vi at tolkinga av (6a) som ein hevda proposisjon gjer den akseptabel, medan (6b)

korkje er hevda eller grammatikalsk (Holmberg og Platzack 1995: 83, mi omsetting frå svensk til norsk):

(6)

- a. Jan sa at denne boka burde eg ha lese.
- b. *Jan beklagar at denne boka hadde eg lese.
- c. Jón sagði að þessa bók hefði ég átt að lesa.
- d. Jón harmar að þessa bók hefði ég átt að lesa.

Holmberg og Platzack (1995: 84-85) argumenterer for at konstruksjonar som (6d) er grammatikalske på islandsk på grunn av nominativ Agr som kan lisensiera [+F] i begge C-posisjonane. (6a) fungerer, sidan [+F], som er i den nedste C-posisjonen, er leksikalisert av det finitte verbet og vi får ei hovudsetningstolking. I (6c) og (6d) er [+F] lisensiert av subjunksjon òg, og difor er det muleg å tolka leddsetninga som underordna.

2.3 Rizzis splitta CP

I Rizzi (1997) analyse av CP kan C-domenet ha separate funksjonelle kategoriar for setningstype, tematisering, fokusering og finittheit. Med andre ord kan vi finna desse frasane til venstre for IP (Rizzi 1997: 228):

(7) ForceP – (TopP) – (FocP) – FinP

Motivasjonen for denne splittinga er at italiensk kan ha ein del framflyttingskonstruksjonar som ein enkel CP ikkje gir rom for.

C-systemet er grensesnittet mellom anten ei overordna setning eller diskursen, og ein proposisjon som er uttrykt i IP. Difor må innhaldet i C både kunna retta seg utover og innover setninga, og dette vil Rizzi (1997: 283) uttrykkja med Force- og finittheit-systemet. Force og finittheit finst i alle setningar (alle CP-ar).

ForceP er den øvste projeksjonen i Rizzis splitta CP. Den inneheld setningstypeinformasjon, eller det Chomsky (1995, som sitert i Rizzi 1997: 283) kallar ”spesifisering av Force”. Force-kjernen inneheld subjunksjonen, som uttrykkjer at setninga anten er interrogativ, deklarativ, relativ, komparativ eller adverbial, og som blir valt av ein overordna struktur (Rizzi 1997: 283).

FinP er den nedste projeksjonen i C-systemet, og inneheld ein spesifikasjon av finittheit. Finittheitstrekk samsvarar med trekk i IP-en, som er komplementet til FinP. Tempus- og modusdistinksjonar og kongruens (Agr) er nokre av finittheitsegenskapane som kan vera uttrykte i C-systemet, avhengig av språk. Uansett kva for eigenskapar som finst i C-systemet, meiner Rizzi at trekk generelt ikkje synest i verbmorfologien, noko som gjer C-domenet åskilt frå I-systemet (Rizzi 1997: 284-285). Til eksempel når det finite verbet flyttar til C i hovudsetningar i V2-språk, kjem ikkje dette av at verbet skal få noko bøyingsmorfem (Rizzi 1997: 328), men av at finittheitstrekket [+F] tiltrekkjer seg det finite verbet (Holmberg og Platzack 1995).

Mellom ForceP og FinP kan det vera eitt eller fleire tematiserte element og eitt fokusert element (i italiensk, som Rizzis analyse byggjer på). I Rizzis teori står tematiserte element i spes-TopP, og det kan vera fleire TopP. Fokuserte element står i spes-FocP, eller i ein lågare posisjon i setninga, men Rizzi tenkjer seg at ein fokusert konstituent flyttar til spes-FocP i det minste i logisk form (Rizzi 1997: 287). Både tematiserte og fokuserte konstituentar flyttar fram frå ein posisjon lenger nede i strukturen, men har ulik tolking. Tematiserte element er vanlegvis kjend informasjon, medan fokuserte element blir uttalte med fokalt trykk og introduserer som oftast ny informasjon, som gjerne står i kontrast til den kjende informasjonen (Rizzi 1997: 285). Rizzi går ut frå eit kriterium der konstituentar som har tematiseringstrekk eller fokus-trekk, må flytta til spes-TopP eller spes-FocP for å oppnå spesifikator-kjerne-kongruens med med Top eller Foc (*ibid.*: 287). Dei to framflyttingskonstruksjonane har dessutan ei rekkje formelle skilnader. To av dei skal eg nemna seinare.

Subjunksjonen *che*, som blir nytta i finite setningar i italiensk, må stå framfor tematiserte element, og subjunksjonen *di*, som blir nytta i infinite setningar, må stå etter det tematiserte elementet (Rizzi 1997: 288, mi omsetting):

(8)

- | | | | | | |
|----|----------------------|---------------|-----------------------|-------------------|---------|
| a. | Credo | che | il tuo libro, loro lo | apprezzerebbero | molto. |
| | Trur _{1 SG} | at | DEF di bok, dei den | vil setta pris på | veldig. |
| b. | Credo, | il tuo libro, | di | apprezzarlo | molto. |
| | Trur _{1 SG} | DEF di bok | ”av” | å setta pris på | veldig. |

Denne distribusjonen kan ikkje få plass i ein enkel CP, men lar seg fanga opp av systemet Rizzi føreslår: I (8a) kan subjunksjonen *che* stå i Force, og det tematiserte elementet kan stå

i ein TopP. I (8b) kan det tematiserte elementet stå i ein TopP og den ”infinite” subjunksjonen *di* i Fin.

Det finst òg andre data frå italiensk som viser at ein enkel CP ikkje alltid er nok. Eg vil trekkja fram distribusjonen til relativ- og spørsmålsoperatorar. Relativoperatoren må stå framfor eit tematisert element, medan spørsmålsoperatorar må stå etter tematiseringa i hovudsetningsspørsmål (Rizzi 1997: 288-289). Kv-frasar kan ikkje nyttast i same konstruksjon som eit fokusert element (*ibid.*: 291). Dette kan tyda på at dei konkurrerer om den same posisjonen, spes-FocP, medan relativoperatorar okkuperer spes-ForceP (*ibid.*: 298).

Ein av dei formelle skilnadene mellom tematiserings- og fokuseringskonstruksjonar er at i latinske språk gir tematisering av, til eksempel, direkte objekt utslag i ei koreferent klitisering (9a), medan fokusering (9b) ikkje gjer det (Rizzi 1997: 286, mi omsetting og indeksering):

- (9)
- a. [Il tuo libro]_i, lo_i ho letto t_i
DEF Di bok, den har _{1 SG} lese.
- b. IL TUO LIBRO_i ho letto t_i

Dette forklarar Rizzi (1997: 291) med at eit fokus fungerer på same måte som ein kvantor, som må binda ein variabel, altså ein tom frasekategori i objektsposisjon. I (9b) fungerer dette, medan eit klitisert element ser ut til å blokkera variabelbindinga i den ugrammatikalske (9c):

- c. *IL TUO LIBRO_i lo_i ho letto t_i

Sidan variabelbinding ikkje er muleg i konstruksjonar som (9a), sluttar Rizzi at tematisering ikkje fungerer som ein kvantor (1997: 291).

Vidare kan det vera mange tematiserte element, men berre eitt som ber fokus (Rizzi 1997: 290). I Rizzis tolking av fokusering har det fokuserte elementet ein presupponert proposisjon som komplement (i logisk form). Viss det eine fokuserte elementet tok eit anna fokusert element som komplement, ville det oppstå tolkingproblem. Fokuserte element er ny informasjon, medan presupposisjonen er kjend informasjon, som er ein føresetnad for at det skal vera muleg å tolka fokuseringa. Difor kan det berre vera eitt fokusert element. Tematiseringskonstruksjonane har ingen slike restriksjonar (Rizzi 1997: 297).

Rizzis analyse (1997) går altså ut på at venstreperiferien alltid uttrykkjer Force og finittheit. Av omsyn til økonomi, skal dei vera representerte i éin kjerne, med mindre det såkalla Top-Foc-feltet blir aktivert. Då må Force og Fin splittast i separate projeksjonar og Top og Foc blir sett inn mellom dei.

2.4 Stroh-Wollins splitta CP

I følgje modellen til Stroh-Wollin (2002), har alle skandinaviske hovudsetningar (10a) og leddsetningar (10b) desse projeksjonane i C-domenet:

(10)

- a. ForceP - Fin_MP - Fin_TP
- b. Fin_MP - Fin_TP

Setningstypen blir regulert av ForceP i hovudsetningar, og av FinP i leddsetningar, som manglar ”Force” (Stroh-Wollin 2002: 127). FinP blir dessutan splitta i to projeksjonar, mellom anna på grunnlag av dei ulike oppgåvene FinP har: proposisjonsetablering og typemarkering (*ibid.*: 156-157).

Proposisjonen blir etablert i den temporale finittfrasen, Fin_TP, både i hovudsetningar og leddsetningar. Dette er i tråd med analysen til Platzack (1998), der FinP inneheld [+F], som, når det er sterkt, tiltrekkjer eit verb med tempus eller ein subjunksjon. Subjektet må òg flytta dit på grunn av den sterke relasjonen mellom subjekt og verb (Stroh-Wollin 2002: 113). Stroh-Wollin tenkjer seg at Fin_TP har sterke trekk i dei skandinaviske språka, noko som gir subjektet ein vanlegvis framskoten posisjon trass i svakt AgrS (2002: 170). I denne analysen flyttar subjektet alltid til spes-Fin_TP, eventuelt kan det bli sett inn eit formelt subjekt der. Det finitte verbet flyttar dit i hovudsetningar, men ikkje i leddsetningar.


Den modale finittfrasen, Fin_MP, viser talarens haldningar til, mellom anna, sanningsinnhaldet i proposisjonen. Fin_M kan leksikaliseras av finitte verb i rogative⁵ hovudsetningar, eller subjunksjonar, som blir avgrensa til å vera *at* eller *om* (Stroh-Wollin 2002: 151), i leddsetningar. *At* blir nytta i deklarativ setningar og er obligatorisk dersom ikkje noko anna viser at setninga er deklarativ. *Om* blir nytta i nominale, rogative

⁵ Rogative setningar er interrogative setningar utan kv-frase, På norsk snakkar vi om ”ja/nei-spørsmål”, men rogative setningar inkluderer innføyde *om*-spørsmål òg. Kvesitive setningar er den motsvarande nemninga på kv-spørsmål. Termene er frå *Svenska Akademiens grammatik* (Teleman, Hellberg og Andersson 1999, band 4: §67, §71, §55 og §58).

leddsetningar, og i adverbiale, kondisjonale leddsetningar der proposisjonen er uviss eller hypotetisk (*ibid.*). Fin_MP typemarkerer leddsetningar åleine og har ein setningstypekongruens med ForceP i hovudsetningar. Stroh-Wollin grunngir òg splittinga av FinP med data frå komplekse skandinaviske relativsetningar, men dette skal eg ikkje gå att i detalj.

Denne modellen har ein eigen hovudsetningsprojeksjon, ForceP. Stroh-Wollin (2002: 138) meiner at leddsetningar med hovudsetningsordfølge har same struktur som hovudsetningar, i tillegg til at dei har subjunksjon. Då får subjunksjonen utanfor hovudsetninga sin eigen projeksjon, SubP:

(11)



Her skal vi rekna med at *at*-setningane er hevda proposisjonar, jamfør eksempel (6). I denne modellen kan det tenkjast at ein subjunksjon i Sub har ein kategoriserande funksjon som viser om setninga skal bli tolka som adverbial eller nominal (Stroh-Wollin 2002: 149). *At* har til eksempel eit pronominalt utgangspunkt, så setningar innleidde med *at* i Sub, vil kunna fungera nominalt. Den kategoriserande funksjonen ser ut til å gjelda anten *at* står i Sub eller Fin, for i både (12a) og (12b) under kan ein byta ut *at*-setninga med ein DP (12c).


(12)

- a. Han sa [_{SubP} [_{Sub} at] [_{ForceP} han [_{FinP} [_{Fin} hadde] [_{AgrSP} ikkje lese boka]]]].
- b. Han sa [_{FinP} [_{Fin} at] [_{AgrSP} han ikkje hadde lese boka]].
- c. Han sa [_{DP} det].

Det som er viktig her, er at det er den øvste projeksjonen som kategoriserer setninga, så når *at* og *om* til vanleg er subjunksjonar som står i Fin, kan SubP vera den naturlege plassen for det som Stroh-Wollin kallar dei ”adverbiale subjunksjonane” som *ettersom* og *medan*. Dei adverbiale innleiarorda viser at setninga fungerer adverbialt. Subkjernen kan ha *at* eller *om* som komplement. *At* eller *om* står då i Fin i leddsetningar, og i Sub i leddsetningar med hovudsetningsordfølge (Stroh-Wollin 2002: 149).

Stroh-Wollin meiner dei adverbiale subjunksjonane står ovanfor FinP av di dei har ei tyding som går utover informasjonen om at setninga er deklarativ eller interrogativ (2002: 151). Dei adverbiale subjunksjonane gir informasjon om at setninga er adverbial, samt korleis proposisjonen i leddsetninga skal oppfattast i relasjon til verbhandlinga i oversetninga. I Stroh-Wollins modell blir dette til eksempel reflektert i at vilkårssetningar, eller kondisjonale setningar, har ein abstrakt operator [cond] i SubP (2002: 161), sjå (13).

(13)



Stroh-Wollin (2002) nyttar òg eit abstrakt element [q] i spes-FinP for å visa at setninga er interrogativ⁶ og anten skal ha *om* eller eit finitt verb i Fin-kjernen. På norsk nyttar vi gjerne *viss* i staden for *om* i slike konstruksjonar, men *om* går òg an. Norske data blir presenterte i neste kapittel.

⁶ Setningane (13a) og (13b) er ikkje eigentleg interrogative, men kondisjonale. Likevel har dei formelle likskapar med rogative spørsmål.

2.5 Westergaard og Vangsnes' splitta CP

Westergaard og Vangsnes (2005) nyttar ein variant av Rizzis splitta CP-analyse, der C-systemet deira er splitta opp for å innehalda desse funksjonelle kjernane (2005: 129):

(14) Int – Top – Foc – Wh – Fin

Denne oppdelinga skal kunna forklara kvifor norske kv-spørsmål kan ha både V2 og V3. I tromsødialekten (15) er V3 akseptabelt når kv-ordet er kort, medan nordmørsdialekten (16) tillet V3 uavhengig av kv-ord (Westergaard og Vangsnes 2005: 117-124):

(15)

- a. Ka ho sa?
- b. *Katti du kommer?

(16)

- a. Kåin du lika best?
- b. Kåles bil du kjøpte?


Alle kjerneposisjonane i C-domenet treng ikkje vera fylte i alle setningar. Til eksempel blir setninga interrogativ når IntP er til stades, og når IntP ikkje er til stades, kan setninga vera deklarativ. Westergaard og Vangsnes introduserer vidare eit lisensieringsvilkår som dei kallar identifisering: Ein funksjonell projeksjon er berre lisensiert dersom den har leksikalsk materiale anten i spesifikator- eller kjerneposisjon. Dette blir ein viktig motivator for flytting internt i C-systemet (Westergaard og Vangsnes 2005: 129).

Analysen deira inneber ei reformulering av EPP. Det varierer frå dialekt til dialekt om ein kjerne i C-systemet har $[X^{\circ}_{EPP}]$ -trekket eller ikkje. Dersom, til eksempel, Int har EPP, vil det seia at denne funksjonelle kjernen må bli sjekka av eit leksikalsk kjerneelement i kjerne- eller spesifikatorposisjonen sin (Westergaard og Vangsnes 2005: 130).

I følgje analysen har alle varietetane av norsk sterkt EPP i Top, noko som fører til V2 i deklarative hovudsetningar ved at det finite verbet må flytta til Top for å fylla $[Top_{EPP}]$. Subjektet flyttar til spes-TopP i form av å vera ”standard-topikalisering” (Westergaard og Vangsnes 2005: 130-131). Sidan dei reknar med at alle deklarative hovudsetningar er TopP-innleidde, fører dette til at setningar som er subjektsinnleidde og setningar som har anna tematisering blir formelt likestilte.

Standardnorsk har V2-krav i alle kv-spørsmål, og tromsødialekt har V2-krav i kv-spørsmål med lange (meir-enn-ei-stavings-) kv-ord. [Int_{EPP}] i desse varietetane krev at IntP får ein relevant leksikalsk kjerne. I standardnorsk, sjå (17a) under, flyttar det finitte verbet til Int i hovudsetningsspørsmål. Westergaard og Vangsnes hevdar at dei korte kv-orda kan sjekka [Int_{EPP}]-trekket av di dei har blitt reanalyserte som ikkje-projiserande kjernar i tromsødialekten, sjå (17b), medan dei har frasestatus i standardnorsk (2005: 133). Lange kv-ord har ikke latt seg reanalysera av di dei er morfologisk komplekse. Denne spesielle eigenskapen ved dei korte kv-orda gjer at kravet om verbflytting forsvinn (*ibid.*).

(17)



I og med at nordmørsdialekten kan ha V3 med morfologisk komplekse kv-frasar òg, argumenterer Westergaard og Vangsnes for at denne dialekten ikkje har [Int^o_{EPP}] (2005: 134-135).


WhP tiltrekkjer seg kv-konstituentar som flyttar vidare til IntP i hovudsetningar, eller som blir ståande i WhP når dei innleier innføyde kv-spørsmål. Innføyde kv-spørsmål manglar "Force"-eigenskapen som hovudsetningsspørsmål har, og dei skal difor ikkje ha IntP (Westergaard og Vangsnes 2005: 135).

I subjekts-kv-spørsmål må *som* settast inn i nokre dialektar, og alle norske dialektar har *som*-innsetjing i innføyde subjekts-kv-spørsmål. At setningsadverbialet må stå føre det finitte verbet i desse konstruksjonane, kan tyda på at verbet ikkje flyttar til C. *Som*-innsetjing er ikkje muleg i kv-spørsmål der kv-konstituenten ikkje er subjekt i setninga, såkalla oblike kv-spørsmål. I analysen til Westergaard og Vangsnes (2005: 141-147) er det *som* som lisensierer AgrS i subjekts-kv-spørsmål. AgrS kan ikkje bli lisensiert av kv-subjektet, som langdistanseflyttar frå TP til IntP. Westergaard og Vangsnes hevdar at det kan vera meir økonomisk å lisensiera FinP med *som*-innsetjing i AgrSP og flytting til FinP

enn det er med verbflytting til FinP. Dei ser på *som* som eit funksjonelt element på line med ekspletive subjekt, som ber nominative trekk, og som dermed kan lisensiera både AgrSP og FinP. Grunnen til at det ikkje kan vera *som*-innsetjing i oblike kv-spørsmål, reknar dei med er at *som* er ein anafor som står i ein subjeksposisjon, og som må vera bunden av antesedenten sin, som er subjektet. Viss kv-konstituenten i IntP er subjektet, er *som* c-kommandert og koindeksert, men ikkje elles.

Vidare hevdar Westergaard og Vangsnes (2005: 146) at *som* fungerer som kjerne i tromsø- og nordmørsdialekten, men som frase i standardnorsk. I tromsødialekten kan *som* fylla [Int_{EPP}]-trekket i kv-spørsmål der kv-konstituenten er lang og/eller kompleks, i og med at V3 er tillate i slike tilfelle. *Som* kan likevel ikkje flytta til Int når kv-ordet er kort og ikkje-projiserande, for då er [Int_{EPP}] alt oppfylt. I standardnorsk reknar dei med at *som* blir spleisa inn i spes-AgrS og ikkje kan flytta til spes-Int i og med at kv-konstituenten opptar plassen. I staden må verbet flytta til Int via AgrS for å fylla [Int_{EPP}]. Trestrukturane under viser desse skilnadene mellom tromsødialekt (18a) og standardnorsk (18b):

(18)



2.6 Vurdering

Samla sett utgjer ikkje desse fire analysane noko einskapleg utgangspunkt for vidare arbeid. Dei er for ulike, og legg ulike prinsipp og mekanismar til grunn. Her vil eg kort nemna det eg ser som potensial og problem ved dei enkelte modellane, med tanke på at eg skal kunna nytta dei i min eigen analyse av subjunksjonssystemet. Alle analysane diskuterer plassen og funksjonen til subjunksjonane, og det er det som er det sentrale i denne vurderinga.

Restriktivitet er eit kriterium for ein god analyse. Det vil seia at analysen skal vera ein hypotese om korleis den grammatiske røynda faktisk ser ut, og det skal vera muleg å setta fram presise prediksjonar på grunnlag av den, for så å testa dei mot nye data (Åfarli 2000: 101-112). For å oppnå dette når eg skal finna fram til ein modell for subjunksjonssystemet, vil eg gå ut frå eit nokså minimalistisk standpunkt, og satsa på uavhengig motiverte strukturar. Med det meiner eg at det ikkje er nok å rekna med abstrakte trekk, men at det skal vera bruk for ein plass til leksikalsk materiale. Det bør altså vera ein morfosyntaktisk motivasjon for analysen. Viss det ikkje er det, blir analysen mindre restriktiv, og då kan det bli mange funksjonelle projeksjonar.

Eit problem med at fleire posisjonar blir opna opp i ein struktur, er at di fleire potensielle landingsplassar blir det, og ein blir nødt til å gå ut frå at dei funksjonelle kjernane har trekk som forhindrar at irrelevante konstituentar blir trekte dit. Trekka kan vera meir eller mindre openberre i tolkinga av setninga. Eit problem med å fastsetja for mykje hypotetisk, er at det kan bli vanskeleg å finna uavhengig motivasjon for det. Då blir teorien deskriptiv i staden for at den forklarar variasjonen i den grammatiske røynda.

CP-rekursjons-analysen (Holmberg og Platzack 1995) skil seg frå dei andre i dette kapittelet ved å vera frå tida før CP blei splitta i fleire ulike funksjonelle projeksjonar. Den er restriktiv sidan det går an å laga presise prediksjonar ut frå den, som til eksempel at tematisering til den lågare CP-en ikkje skal gå an. Når det gjeld subjunksjonane, seier Holmberg og Platzack (1995) at subjunksjonen lisensierer [+F] i leddsetningar, og at den er basegenerert i C. CP blir delt i to når subjunksjonen vel ut ei hovudsetning (ein CP) til komplement. Berre øy-skandinavisk (av dei skandinaviske språka) har [F]-trekket i begge C-posisjonane, så difor skulle ein ikkje venta at norsk (eller andre fastlandsskandinaviske språk) ville tillata to subjunksjonar. Vi skal likevel snart sjå at fleire akseptable setningar kan ha både *at* og *om* i same setningsinnleiarkompleks.

Rizzis (1997) klassiske analyse av splitta CP er basert på italienske data, og ikkje alt kan overførast direkte til norsk. Det som motiverer analysen, er at italiensk kan ha mange

framflyttingskonstruksjonar av ulike slag. V2-kravet i norsk gjer at framflytting her blir ganske avgrensa samanlikna med data som Rizzi presenterer. Til eksempel er den italienske distribusjonen til relativoperator, tema og kv-frase (i den rekkjefølgja) ulik den norske: kv-frase først, så relativoperator (i leddsetningar, eller i hovudsetningsspørsmål med V3). Ein kv-frase utelukkar tematisering på norsk.

Hos Rizzi (1997) står subjunksjonane som viser den semantiske tolkinga av setninga øvst i C-domenet, i ForceP. I FinP finn ein ”infinite subjunksjonar”. På norsk kan *å* seiast å vera ein infinit subjunksjon, eller i alle høve ein subjunksjon som innleiar infinite setningar. Dessutan har vi sett korleis Rizzi (1997) reknar med at C-projeksjonane til vanleg er samanslåtte, men at enkelte projeksjonar er til stades berre når det er bruk for dei. Dette er ei økonomisk løysing, som eg vil nytta i min analyse.

Stroh-Wollins (2002) splitta CP ser ut til å vera relevant for mitt bruk, sidan denne modellen har rom for både vanlege subjunksjonar og adverbiale innleiarord. I adverbiale leddsetningar er det subjunksjonane *at* og *om* som står i Fin_M-kjernen, og eit eventuelt adverbialt innleiarelement står i ein SubP. Ein operator i spes-SubP viser relasjonen mellom leddsetninga og oversetninga, til eksempel når leddsetninga er ei vilkårssetning: [cond]. Samstundes regulerer eit trekk i Fin_MP subjunksjonen ved at trekket anten er interrogativt, [q], som gir subjunksjonen *om*, eller deklarativt, [d], som gir *at*. SubP er dessutan motivert av leddsetningar med hovudsetningsordstilling.

I analysekapittelet vil det visa seg om datamaterialet mitt gir grunnlag for å rekna med ein eigen projeksjon for dei adverbiale innleiarelementa. Ein kunne i utgangspunktet venta at det i ein del tilfelle ikkje ville vera naudsynt, av økonomiomsyn.

Westergaard og Vangsnes’ (2005) nemner ikkje andre subjunksjonar enn *som*, og *som* kan ikkje reknast som ein subjunksjon i tradisjonell forstand i denne analysen, av særleg to årsaker: *Som* flyttar til C-domenet, og er ikkje basegenerert der. Dessutan blir *som* rekna for å ha frasestatus i standardnorsk, og som tidlegare nemnt må ein subjunksjon vera ein kjerne.

Sjølv om Westergaard og Vangsnes’ (2005) analyse er ein splitta CP-analyse basert på norske data, vil eg ikkje gå vidare med denne modellen. Eg vil heller laga ein modell over subjunksjonssystemet med utgangspunkt i relevant empiri, og i teoriane som omtalar subjunksjonens eigenskapar.

Etter denne gjennomgangen av tidlegare teoretisk arbeid nærmar eg meg eit utgangspunkt til ein analysemodell. Analysemodellen blir heilt spesifikk for subjunksjonssystemet vi finn i adverbiale leddsetningar i munnleg, norsk språk. Å vurderer

modellen opp mot relativsetningar, interrogative hovudsetningar, og til og med andre språk, kan bli relevant i framtida, men det prosjektet blir for omfangsrikt for denne oppgåva.

Det første eg vil ta stilling til, er verbflytting. Det blir sentralt i representasjonen, særleg sidan subjunksjonsinnsetjing og fråvere av verbflytting ser ut til ha ein så nær samanheng. Holmberg og Platzack (1995) og Stroh-Wollin (2002) lèt det finitte verbet vera (*in situ*) i VP i skandinaviske innføyde setningar. I det følgjande skal eg rekna med at verbet må flytta til T i leddsetningar òg, sidan eg ikkje ser nokon grunn til at dette fungerer ulikt i dei to setningstypene. Som ein konsekvens av dette skal eg rekna med at setningsadverbial, uavhengig av setningstype, skal venstreadjungerast til T', og unnataksvis til TP, som det blir argumentert for i kapittel 6 av *Norsk generativ syntaks* (Åfarli og Eide 2003). I tråd med analysane til Holmberg og Platzack og Stroh-Wollin skal eg rekna med at verbet ikkje flyttar til C-domenet i leddsetningar med leddsetningsordfølge. I følge Westergaard og Vangsnes (2005) er det òg fråvere av verbflytting til C som kan gi V3, så dette punktet er det brei semje om i litteraturen.

Vi har sett at vi har grunn til å skilja mellom subjunksjonar og adverbiale innleiarelement.⁷ Adverbiale innleiarord viser korleis innhaldet i leddsetninga skal oppfattast i relasjon til innhaldet i oversetninga. Leddsetninga kan uttrykkja årsak, følge, vilkår, vedgåing eller føremål ved hjelp av dei adverbiale innleiarorda. Dei generelle subjunksjonane *at* og *om* samsvarar med ulike adverbiale innleiarord. Dei uttrykkjer i hovudsak at ei adverbial leddsetning anten er deklarativ eller interrogativ. Adverbiale leddsetningar er ikkje eigentleg interrogative, men kan vera uvisse eller hypotetiske. Ofte kan det adverbiale innleiarordet åleine visa at setninga er deklarativ eller noko anna, og då kan det vera fakultativt å leggja til ein generell subjunksjon.⁸ Dette skal vi sjå mange eksempel på i dei neste kapitla.

Tilhøvet mellom adverbiale innleiarord, generelle subjunksjonar, og relasjonen til oversetninga, synest eg Stroh-Wollin (2002) får fram med sin SubP der det adverbiale innleiarelementet og ein abstrakt operator viser setningstypen. Dette er i tråd med Rizzis (1997) forslag om Force. Både Stroh-Wollin og Rizzi reknar òg med ein lågare subjunksjonsposisjon, men berre Stroh-Wollin gir rom for subjunksjonar som innleiar finitte setningar nedst i C-domenet.

⁷ Sjølv om Stroh-Wollin kallar dei "adverbiale subjunksjonar", vil eg ikkje nytta termen subjunksjon om desse orda. Ein del av dei har tydeleg frasestatus.

⁸ Nokre gonger blir det å leggja til ein generell subjunksjon vurdert som unaudsynleg eller litt dårleg, men ofte blir det rekna som akseptabelt. Dette er særleg nytta i munnleg språk, som oppgåva mi legg til grunn.

I kapittel 4 vil eg koma attende til denne diskusjonen, men først etter å ha sett på ein del genuine, adverbiale leddsetningar.

3 Empiri

3.1 Om kapittelet

I empirikapittelet presenterer eg ein del eksplikative, adverbiale leddsetningar slik dei førekjem i spontantale. I 3.2 blir dei gruppert etter semantisk tyding: Årsak, føremål, vedgåing, vilkår og følgje. Dette er den vanlege måten å gruppera slike setningar på, sjå til eksempel NRG: 1035. I neste kapittel, analysekapittelet (4), blir dei ulike innleiारorda, som NRG kallar subjunksjonar (*ibid.*), formelt inndelte. Dei blir først delte inn i generelle subjunksjonar og andre innleiarelement, og dei andre innleiarelementa blir dessutan delte inn etter kva funksjon dei har i setninga, noko som er avgjerande for analysen.

Når eg nyttar omgrep som preposisjon, adverb og liknande i dette kapittelet, er det med ei førebels forståing av omgrepa som samsvarar med definisjonane i NRG. Analysekapittelet vil kunna gi eit utgangspunkt for å etablere ein teoretisk definisjon av dei relevante ordklassane som er basert på generativ grammatikk.

Setningseksempla i 3.2 er utdrag frå treff etter søk i Nordic Dialect Corpus. Eg har trekt ut adverbiale leddsetningar frå søkjeresultat og gitt dei att i den forma dei er ortografisk transkribert, som er bokmålsbasert, men med ord på dialekt innimellom. Kanskje er dette vilkårlig, eller kanskje er det gjort der dialektorda skil seg nemneverdig frå bokmålsorda. Når eg (i nokre få tilfelle) har meint at transkripsjonen har vore feil, har eg gjort om på setningseksempla etter å ha høyrte på lydfilene som høyrer til kvart treff. Søkjetreffa eg har henta setningseksempel frå, er viste i tillegget (7.1). I tillegget kan ein òg sjå kva for informant som har yttra seg, og kvar informanten kjem frå.

3.2 Oversyn med semantisk inndeling

3.2.1 Årsakssetningar

Som namnet seier, uttrykkjer årsakssetningar årsaka til innhaldet i oversetninga dei står til. Mellom anna Beito (1986: 317) hevdar at det er vanleg å knyta årsakssetningar til ei oversetning med preposisjonsfrasar: *av di*, *etter di*, *fordi*, og eventuelt *at* saman med desse. Dette er til dels i tråd med mine funn. *Fordi* er mykje nytta (280 funn), *fordi at* er endå meir vanleg (353 funn), medan det ikkje finst nokon konstruksjonar med *av di*, og berre eitt tilfelle som kan seiast å vera ein *etter di*-konstruksjon, eigentleg *etter det*, i datamaterialet.

Dei er kanskje vanlegare i skrift. Beito (*ibid.*) nemner at det er sjeldsynt, men ikkje umuleg, å nytta *at* åleine som årsakssubjunksjon, men det har eg ikkje funne eksempel på.

(1)

- a. Vi trenger godkjent vatn **fordi** det ikke har regna i heile haust.
- b. De fikk ikke lov å bruke kjetting **fordi at** det sleit så mye på dekk.
- c. Du må skjønne at når jeg roper ”Ege” så er det **fordi** han står bra, ikke **fordi at** han står dårlig.
- d. [Jeg] trudde du var skikkelig sur på meg **fordi** jeg kom så seint.
- e. Så derfor er du ikke på treninger, **fordi** du har vondt i ryggen?
- f. Noen slutter jo å være venner **fordi at** det blei så mye motepress.
- g. **Etter det at** du har noe å spandere, da, så får vi nå prøve med det.

For er ein konjunksjon som blir nemnt i samanheng med årsakssetningar av Beito (1986: 317). Eg har ikkje funne nokon setningar med *for* (åleine) og leddsetningsordfølge. Nokre gonger blir *for at* nytta, og då ser det ut til at det vanlege er hovudsetningsordfølge og unnataket er leddsetningsordfølge.

(2)

- a. Det var nesten krise oppi der nå, hørte jeg, **for at** nå var mopeden så skral.
- b. Men jeg vet ikke om det er bare ei åtgjerd de har, eller om det er **for at** de ikke skjønner det.
- c. Når det gjaldt brøytinga, så er det vel så at den røyner spesielt på, **for at** du har jo et svært ansvar i uvær og sånt.
- d. Da reiste jeg ned til Sundre, **for at** det var jo her det skjedde.

For det ser ut til å kunna innleia årsakssetningar. Det er vanleg å leggja til *at* når ein nyttar *for det* som setningsinnleiar. *For det at* gir 480 treff. *For det* gir over 2000 treff, men dei fleste av dei er ikkje setningsinnleiarar.

(3)

- a. Dette var fælt tungvint, ser du, **for det** de måtte gå bak kuene.
- b. Det går jo på slakteria **for det** du får jo ikke slakta heller på en gard i dag.

- c. Og så var det en til der da som var litt fornærmet **for det** vi spelte kort.
- d. Nei, jeg tenker ikke noe over det **for det** her prater alle stort sett dialekt.
- e. Da får jeg sånne korte økter **for det at** disse småkrabatene, de kan jo greie seg med en liten økt om gangen.
- f. Hun kunne preke med alle som kom inn **for det at** på de turistområdene er der voldsomt med folk.
- g. [Vi] øver mest sammen med tynsetingene vi nå **for det at** vi skal ha prosjekt med dem.

Ein annan konstruksjon som er vanleg i skrift, er å uttrykkja årsakstilhøve med tidsadverb som *når*, *då* og *sidan*. Samanhengen mellom årsak og tid kan vera at årsaka ligg føre følgja i tid (Venås 1990: 173). I følgje mine funn er *sidan* vanleg i årsakssetningar, medan *når* og *då* er fråverande i datamaterialet. *Sidan* gir 776 treff, men mange av dei fungerer som predikatsadverbial eller innleier tidssetningar.

(4)

- a. Det kosta litt mer til meg, **sidan** jeg skulle ha kost og losji i tillegg.
- b. Da var vi mye på vannet, da, **sidan** jeg var med i sjøspeideren.
- c. **Sidan** broren min går psykologi, så veit jeg at du husker egentlig ingenting før du er tre år gammel.
- d. [Jeg] regner med dere ikke hadde skolerevy **sidan** dere ikke hadde vannkjøler.
- e. **Sidan** jeg er utdanna kokk, så trur jeg jeg hadde fått kjeft hvis jeg tok for mye ferdigmat.

Eg har eitt funn med *sidan at*, men det er nytta i ei tidssetning:

- f. Det er et lite småbruk som vi ikke har drevet **sidan at** jeg var ni år.

Ettersom skal kunna uttrykkja årsakstilhøve, men *ettersom* er sjeldnare enn *fordi* og *sidan*: 55 treff, der dei fleste er nytta som predikatsadverbial, men det finst òg årsakssetningar:

(5)

- a. De jobber for å få en butikk der nede, da, **ettersom** det ikke er matbutikker fra før.
- b. Den blir ikke kjørt **ettersom** ikke jeg har førerkortet.
- c. Nei, jeg vet da ikke riktig jeg da, **ettersom** aldri jeg fikk høre noe protester på dette derre.

3.2.2 Føremålssetningar

Føremålssetningar er leddsetningar som uttrykkjer ei følgje av oversetninga, ”ikkje som eit faktum, men som eit føremål eller intensjon” (NRG: 1034). Vanlege måtar å innleia føremålssetningar på, er med *for at/å* og *så*. Venås (1990: 175) hevdar at *for* kan innleia føremålssetningar, men det ser ut til å gjelda berre *for å* + infinitiv-konstruksjonar, og *for at*-setningar. Søk på *for å* gir 1587 treff i korpuset. Svært mange av dei er det noko vilkårsaktige *for å si det sann*. Andre er føremålssetningar:

(6)

- a. De var jo nødt utpå veien **for å** hente att ballen likevel.
- b. Jeg angrer faktisk litt på det sjølv at jeg ikke har kommet meg ut av bygda, bare **for å** prøve noe nytt.
- c. Av våre femten tusen mennesker så er det femti ungdommer som skal trene litt **for å** sparke noe fotball.
- d. Vi spiller ikke i band **for å** spare penger.
- e. ...når han måtte fram i bygda **for å** få tak i kurerpost og sånne ting.
- f. Så måtte jeg på A-laget hvis jeg skulle spille, og da gidder jeg ikke, for da må jeg til byen **for å** trene og spille kamp.
- g. [Du] måtte nesten sett det visuelt **for å** skjønne hvordan de har bodd.

Kombinasjonen *for at* finst 621 plassar i korpuset. Ein del av førekomstane fungerer som nemnt i årsakssetningar, andre innleier føremålssetningar. Årsaks- og føremålssetningane med *for at* er formelt like, men semantisk ulike.

(7)

- a. Hvor skal en legge eplet hen da, **for at** det holder seg best?
- b. ...legge på kringkastingsavgifta **for at** vi skal få Grand Prix.
- c. Da begynner jo folk å snakke svensk **for at** svenskene skal forstå.

- d. Han valgte heller å la han ruste bort **for at** museet kunne få han.
- e. De starta ungdomsklubb, sånn **for at** ungdom skulle ha noe å gjøre.

Så har minst 2000 førekomstar i korpuset, men svært få av dei innleier leddsetningar. Her er to eksempel der ein kan seia at *så* innleier føremåls-leddsetningar:

(8)

- a. Nå må hun passe på **så** hun ikke kommer for seint.
- b. Jeg samler opp femten tusen sånne **så at** jeg skulle få råd til den her svære tingen.

Endå mindre vanleg er konstruksjonar med *så mykje*. I datamaterialet er det nokre få treff der *så mykje* kan seiast å vera starten på ei adverbial eksplikativsetning, men det er uklart om setninga er føremål eller følgje i begge eksempla som eg tar med her.

(9)

- a. ...og la nå kjolen fint oppatt igjen på barnet, **så mye at** det... ja, så han ikke lå ee....⁹
- b. Ja, da må de prøve å føre ifra ene krinsen til den andre, **så mye** det kan bli nok.

At kan vera føremålssubjunksjon åleine, men helst i poetisk eller religiøs stil, i følgje Beito (1986: 318). Det finst ikkje eksempel på slik bruk i korpuset – *at* har minst 2000 treff, og ingen av dei første 200 er åleine i føremålssetningar. *På det at* har heller ingen treff, men denne konstruksjonen blir kalla forelda allereie av Falk og Torp (1900: 232). *Di at* (Beito 1986: 318) er heller ikkje nytta i datamaterialet.

3.2.3 Vedgåingssetningar

Vedgåingssetningar uttrykkjer at ”forholdet mellom årsak og følgje ikkje er slik ein skulle vente” (NRG: 1034). Dei blir gjerne innleidde med *fordi om*, *for det om* og *sjølv om* i tale, og, litt sjeldnare, med *endå*. *Fordi om* har 16 treff, *for det om* har 31 treff, og *sjølv om* har totalt 265 treff, der *sjøl om* utgjer 139 og *selv om* utgjer 126. *Endå* finst 788 plassar i korpuset, men dei fleste av dei fungerer som predikatsadverbial. I skrift kan vedgåing bli uttrykt på mange andre måtar òg. Til eksempel har *jamvel om* ingen førekomstar i korpuset.

⁹ Dette eksempelet blir noko uforståeleg i og med at intervjuaren bryt av forteljinga etter den andre pausen (...). Fram til den første pausen er det ein som snakkar, etter pausen er det ein annan. Sjå tillegget, 7.1.

(10)

- a. Ja, det gjør det, vet du, **enda** en sau er jo både mat og ull, men likevel...
- b. Vi har kanskje en tendens til å tykke at han er en del av oss, **enda** vi er klare over at det er mange andre plasser som er like fine.
- c. **Sjøl om** jeg nok er flinkere i engelsk, så liker jeg tysken bedre.
- d. De som er yngre enn meg, de har en helt annen dialekt, **selv om** de er fra Bodø.
- e. Om du detter ifra ei disse, så slår du deg ikkje i hjel **fordi om** det er noen steiner under.
- f. Det er veldig landlig og fint **for det om** det er sentralt.

I datamaterialet er det nokre få førekomstar av *sjølv om at*, *for det om at* og *fordi om at*, men ingen *endå om*.

- g. Vi var jo en gjeng som kjente hverandre fra før, som oftest, **selv om at** det i de dager var noe som kaltes for Inniværet og Utiværet.
- h. Man må ikke ta reipet og gå i marka **for det om at** det blir tap.

Andre mulege måtar å innleia vedgåingssetningar, er med adverbet *skjønt* eller preposisjonsfrasane *trass*, *trass i*, eller *til tross for*. Dette er lite nytta i korpuset.

(11)

- a. Det var nå en vellykka ferie, **skjønt om** vi ble våte.
- b. Nå hogger de skog på Jæren, og da måtte det au være et lite sagbruk, **tross i at** det jo er tatt mye skog nå som de har sendt ned til Tyskland til slip.

Av vedgåingskonjunksjonar som blir føreslåtte i dei nemnte grammatikkbøkene, har *ennskjønt*, *om enn*, *hvorvel*, *dog*, *endog*, *likevel*, *med alt det*, *for alt det*, *fast* og *uaktet* ikkje nokon førekomstar i korpuset.

Falk og Torp (1900: 231) nemner at *uansett* eller *uansett at* kan innleia vedgåingssetningar, *sjølv om* dei meiner det er forelda. Eg har ingen eksempel på det, men derimot er det vanleg å uttrykkja vedgåing med adverbet *uansett* følgt av spørjeord. Dette fungerer både når spørjeordet er ein kv-frase, og når ordet er *om*. *Uansett om* gir 13 treff,

uansett hva gir 16 treff, *uansett hvor* gir 13 treff, og andre kv-frasar gir òg nokre få treff. Konstruksjonen er omtala i NRG: 1047.

Det kan vera verdt å merkja seg at setningar med *uansett* + kv-frase formelt sett er implikative setningar. Dette kjem av at ein i generativ grammatikk reknar med at kv-frasar flyttar til spes-CP frå ein basegenerert posisjon lenger nede i setninga, som nemnt i 1.2.2. Eg kjem attende til dette i analysekapittelet.

(12)

- a. **Uansett hvor** vi stoppa hen, så regna det.
- b. Vi har jo nissen på lasset **uansett hvilken vei** vi snur vogna.
- c. Jeg kommer til å være uenig med dem, **uansett hvem** de heier på.
- d. Det å gjøre noe og se resultatet av noe, det gir meg noe, **uansett hva** det er for noe.
- e. Der er jeg, **uansett om** jeg jobber eller ikke.
- f. Jeg synes egentlig at folk prater ganske likt her, **uansett om** de er fra Børselv, Olderfjord, Billefjord eller Lakselv.
- g. Før i tida, så var det tjenestefolk på gårdene, **uansett om** en ikke hadde noe penger.

3.2.4 Vilårssetningar

Vilårssetningar kan uttrykkja anten årsak eller følgje, men årsakssamanhengen er eit tenkt tilfelle (NRG: 1034). Mellom anna kan vilkår bli uttrykt med setningar som har lik form som rogative setningar,¹⁰ som kan vera både *ja/nei*-spørsmål og *om*-setningar. Dei førstnemnte, som eigentleg ikkje er spørsmål, men har same ordfølgje som hovudsetningsspørsmål, er ikkje innleidde med eitt bestemt ord. Dei er innleidde med finitte verb. Det kan vera kva verb som helst, sjølv om eg viser eksempel med berre to ulike verb:

(13)

- a. Det er lenge å være borte i sju år, **spør** du meg.
- b. Å legge ned den der flyplassen er sinnssykt, **spør** du meg.

¹⁰ Denne likskapen er truleg berre formell. Adverbiale leddsetningar er ikkje spørsmåls-språkhandlingar.

- c. **Vil** du ha greie omgivelser, og ikke en storby, og møte folk som du lett kan bli kjent med, da er Kirkenes plassen for deg.
- d. **Vil** du gjøre noe, så gjør du det.
- e. **Vil** du på sjøen, så kan du det, og vil du opp i fjella, så kan du det.
- f. **Vil** du gå på restaurant, så kan du jo det.

Med søk på *om* får ein over 2000 treff, og ingen av dei første 200 er vilkårssetningar, med muleg unnatak av denne, som er elliptisk:

(14)

- a. **Om** ikke så store forskjeller, så er der iallfall forskjell.

Viss er det vanlegaste ordet vi innleier vilkårssetningar med. I korpuset er det minst 2000 førekomstar av *viss* utan *at*, og 82 treff på *viss at*. Talaren i (15e) rettar seg frå *om* til *viss*.

(15)

- a. Det ville være grusomt kjedelig **hvis** alle skulle gå rundt og rø bymål.
- b. Du får vel tre kroner og sytti øre, **hvis** du er heldig, for literen, når du selger melk.
- c. **Hvis** du skal begynne å jakte, så kanskje det blir en jakthund.
- d. For om... **hvis** hun var så uheldig at kyrne kom ned i Andnesværet, så var hun evig ulykkelig, fikk skjenn og påpakning.
- e. Det kan godt hende jeg blir oppringt, **hvis at** de trenger ei vakt.
- f. **Hvis at** ungdommer på min alder fra Oslo skulle flytte hit, så trur jeg dem ville komme til å kjede seg ganske mye.
- g. Der må du jo stogge **hvis at** det kommer biler.
- h. De skal skrivelogg, og den må de legge fram, **hvis at** de vil ha dette her godkjent.

Dersom ser ut til å vera sjeldan i munnleg språk med sine 10 treff.

(16)

- a. Den skal trykkes til mandagen **dersom** alt går etter planen.
- b. De trudde at de fikk så mye mer og bedre smør **dersom** de hadde glør under botnen.

- c. **Dersom** vi hogde like ved hjemme, da ble det jo kjørt nedpå vestre Grøna.

Med mindre har 11 treff, og det finst eitt tilfelle av *med mindre at*, som ikkje har nok kontekst til å bli inkludert her. *Minder*, som skal ha same tyding (Berulfsen 1967: 165; Beito 1986: 318), har ingen førekomstar.

(17)

- a. Jeg er veldig forsiktig på at jeg ikke sier feil, ikke sier det på andre dialekter eller noe, **med mindre** jeg skal herme etter dem...
- b. **Med mindre** du er ekstremt varsom med hva du foretar deg, så vet jo alle det.
- c. For ungdommene er det jo ikke så veldig mye å finne på, **med mindre** du er veldig glad i å feste og sånn.

Søk på *når* gir minst 2000 treff, og eitt (i den første tidelen) som er relevant. Denne setninga, (18a), kan vera både tids- og vilkårssetning. Søk på *når at* gir mange tidssetningar, og ei vilkårssetning, (18b), der talaren rettar seg til *viss*.

(18)

- a. Er rolig på gassen ... så det blir helt anna **når** du har med en unge.
- b. Men er det ikke litt trivelig **når at** ...hvis det er folk som snakker med deg, og så sier de det, ”er du fra Selbu du, jeg tycker jeg hører du kommer fra Selbu”.

Så sant finst 14 stader i korpuset, og nesten alle innleier vilkårssetningar. Denne setningsinnleiaren ser ut til å kunna ta både *at* og *som* etter seg:

(19)

- a. Vi brukte enten kjelker eller ski opp på skolen, **så sant** det gikk an.
- b. Det slo rett inni stokken, **så sant** den var tørr.
- c. **Så sant så**¹¹ jeg er heime på lørdagene, så får jeg det med meg.
- d. Jeg prøver å få med meg hjelp, **så sant** folk har tid.
- e. **Så sant at** jeg kommer nå av den influensa, så skal nå jeg ta skokksag og øksa og gå på skogen.

¹¹ Informanten uttalar *som* som *så*, til eksempel: ”de va # me så jakkta siss”, så det er sannsynleg at /så/ er *som*. Å uttala *som* som /så/ er svært vanleg i dialektar.

- f. **Så sant** vi hadde sjansen til det, så gjorde vi det.
- g. **Så sant så**¹² det ikke er glatt, så må du i veg.

Mot at gir 4 treff. Eitt av dei innleier ei vilkårssetning (20a), der det læt som informantent rettast seg frå årsakssetning til vilkårssetning. Den tilsvarande infinitte setningsinnleiaren *mot å* har 3 førekomstast, men ingen av dei innleier adverbiale leiddsetningar.

(20)

- a. De leier det vel gratis fordi ...**mot at** de holder det ved like.

Berre gir minst 2000 treff, men berre ein av dei første 200 førekomstane innleier ei vilkårssetning:

(21)

- a. [Det er] det samme om jeg går langt eller kort, **bare** en kommer seg ut.

Utan at gir 69 treff i korpuset, og mellom dei er det svært mange som innleier vilkårssetningar. *Utan å* finst 53 plassar i korpuset, og mange av dei kan seiast å vera adverbiale setningar òg.

(22)

- a. Vi fikk ikke lov å stå i gangene **uten at** det var veldig stygt vær.
- b. Jeg tror ikke du hadde lagt merke til det **uten at** du hadde konsentrert deg og gått bevisst inn for det.
- c. Nå kan dem ikke gjøre noen ting **uten at** de har bompenger alle steder.
- d. Det skal ikke være mulig å dette ned den veien **uten at** de får hjelp.
- e. De klarer ikke å bestemme seg, **uten å** diskutere med fjorten andre, da.
- f. Det blir egentlig litt vekkasta hvis vi skal sitte og se på dette kameraet **uten å** si noe.
- g. De kunne ikke dra utenom Longyearbyen **uten å** ha med seg våpen.

¹² Det same (som i fotnote 11) gjeld denne informantent, som til eksempel seier "så flytta or dar ei så va fysjoterapøyt".

Så framt, i fall, først, alt det, og all den stund førekjem ikkje som vilkårssetningsinnleiarar i korpuset.

3.2.5 Følgjesetningar

Følgjesetningar uttrykkjer ei følgje av innhaldet i oversetninga. Følgjesetningar blir ofte innleidde med *så at*, *slik at*, eller *sånn at*.

(23)

- a. Dere er fleksible her på skolen, **så at** dere klarer få kabalen til å gå opp.
- b. Selvfølgelig så har vi lært, og passa på ungene våre kjempegodt, **så at** ikke dem skulle gjøre det samme som vi gjorde.
- c. Og det var på midten, **slik at** det skulle være likt ifra begge sider.
- d. [Du] kan nå skru på belastningen **slik at** det blir som en oppoverbakke.
- e. Jeg hogde ned bjørka og lot henne ligge med kvista på **slik at** lauvet sugde utav fuktigheta.
- f. Jeg pleide å ta bunnen først, **sånn at** jeg fikk med alt.
- g. Du skal lære det **sånn at** du kan lære det bort til andre.

Western (1921: 246) nemner at *i den grad* kan innleia følgjesetningar, og tyder det same som *så*. *I den grad* er sjeldsynt, og gir 6 treff i korpus. Eitt av dei inneheld starten på noko som kan vera følgje- eller føremålssetning, men følgja blir ikkje uttrykt, og det som kjem etter *i den grad*, er det resultatet ein ikkje får:

(24)

- a. Det er synd at man skal slite seg ut **i den grad at** du... at en kunne ha håp om noen år i trivsel.

På den måte skal òg kunna innleia følgjesetningar i staden for *så*, i følge Western (1921: 246), men det eine relevante funnet mellom 10 søkjetreff på *på den måten at* ser ut til å fungera som årsakssetning:

- b. Men jeg slapp altså å bære han, **på den måten at** det var ordna med skyss heile veien.

3.3 Observasjonar

Framfor alt kan vi sjå at innleiarelementa i kapittelet har ein del felles former på tvers av den semantiske inndelinga. Utover det kan ein gjera desse observasjonane med omsyn til subjunksjonsbruken på bakgrunn av setningseksempla i 3.2:

- A. Ein vanleg måte å innleia adverbiale eksplikativsetningar på, er med det som ser ut til å vera adverb (*endå, sjølv, sidan, så, sånn*, osv.), og eventuelt med ein subjunksjon attåt (*at, om* eller *som*).
- B. Andre vanlege innleiarar er det som ser ut til å vera preposisjonar eller preposisjonsfrasar (*fordi, for det, utan, for, mot*, osv.), med eller utan etterstilt subjunksjon (*at, om* eller *å*).
- C. Vilårssetningar kan bli innleidde med, mellom anna, ein enkel subjunksjon (*om*) eller eit finitt verb.
- D. Vedgåingssetningar kan bli innleidde med, mellom anna, ein adverbfrase (*uansett*) og anten ein kv-frase, eller subjunksjonen *om*.

Formelt sett er det altså grunnlag for å skilja mellom fleire typar adverbiale leddsetningar. Difor må ein rekna med at ulike former av innleiarelement treng ulike frasestrukturelle representasjonar. I neste kapittel vil eg føreslå og argumentera for ein analyse som skal femna denne variasjonen.

4 Analyse

4.1 Grunnlag

4.1.1 Observasjonar

Det ser ut til å vera formelle likskapar på tvers av dei semantiske kategoriane eg tok føre meg i førre kapittel. Mine data viser at adverbiale leddsetningar kan ha til dels komplekse setningsinnleiarar, som ein ikkje kan kalla for enkle subjunksjonar innanfor eit generativt rammeverk, i og med at subjunksjonen er ein kjerne. Dei komplekse setningsinnleiarane synest stort sett å vera adverbfrasar og preposisjonsfrasar, med eller utan ein (eller, marginalt, to) etterstilte, generelle subjunksjonar.

Det kan vera grunnar til å skilja mellom adverbiale innleiarord og generelle subjunksjonar, i tråd med Stroh-Wollin (2002) og Nordström (2009). Sistnemnte avgrensar dei generelle subjunksjonane til *at*, *om*, *som* og *enn*, der *at* og *om* er dei som blir nytta i skandinaviske, adverbiale leddsetningar (Nordström 2009: 253). Dei adverbiale innleiarorda inkluderer både adverb- og preposisjonsfrasar. Som vi har sett, kjem dei adverbiale innleiarelementa først, og ein generell subjunksjon sist i ein kompleks setningsinnleiar: *fordi at*, *for det om*, *så mykje at*, *på den måten at*, etc.

I vilkårssetningar utan subjunksjon flyttar verbet opp. Verbflytting blir blokkert både av adverbiale innleiarord og generell subjunksjonar – verbet flyttar altså ikkje fram dersom setninga til eksempel har adverbiale innleiarord, men manglar generell subjunksjon. Dei adverbiale innleiarorda er ikkje ei homogen gruppe, og vidare i kapittelet vil eg argumentera for ulike analysar som saman vil passa for dei fleste adverbiale leddsetningane.

4.1.2 Innleiande idear til ein analyse

I teorikapittelet la eg fram nokre teoriar om CP. I lys av observasjonane over er det nokre punkt frå teorien som blir spesielt interessante.

Teorien om ein venstreperiferi-projeksjon som rettar seg ut mot konteksten, og ein som rettar seg innover i leddsetninga (Rizzi 1997) samsvarar med ein del av funna: Vi kan seia at det første ordet i *fordi at* og *sånn at* viser relasjonen mellom oversetninga og leddsetninga, og *at* viser fram til leddsetninga. Med andre ord viser det adverbiale innleiarelementet setningstypen og samanhengen med oversetninga (eller konteksten), medan den eventuelle generelle subjunksjonen viser (eller lagar) underordning.


Rizzi (1997) opnar òg for at C-domenet kan vera enkelt eller kan ekspandera når det trengst. Dette gir ein økonomisk representasjon. I Rizzis analyse er det framflytting av ulike element som splittar C-domenet, og dette vil spela ei rolle i analysen min, på ein måte eg kjem attende til i neste delkapittel (4.2).

Spesielt relevant for adverbiale leddsetningar er det nok at Stroh-Wollin (2002: 161) føreslår ein subjunksjonsfrase, SubP, som er plassen for det ho kallar ”adverbiale subjunksjonar”. Eg vil ikkje kalla det adverbiale innleiarelementet for subjunksjon, sidan den termen uttrykkjer at det er ein bestemt funksjonell kjerne. På dette tidspunktet er det ingen grunn for å rekna med at alle dei adverbiale innleiarelementa er kjernar. Viss det viser seg at det trengs meir enn ein projeksjon i venstreperiferien, kan det likevel vera naturleg at modellen skal ha ein SubP som er reservert adverbiale innleiarord. Dette ville òg passa godt med Rizzis (1997) før nemnte teori om ein kontekst-projeksjon og ein leddsetnings-projeksjon. Eg vil diskutera i delkapittel 4.5 om det dessutan er gode morfosyntaktiske grunnar for å rekna med ein spesiell adverbial leddsetningsprojeksjon.


4.2 Eksperiment og forslag til frasestruktur

Desse spørsmåla er problemstillingane i kapittelet: Høyrer det adverbiale innleiarelementet med i oversetninga eller leddsetninga, og i kva posisjon? Er det ein kjerne eller ein frase? Kjem det frå ein posisjon internt i setninga, eller er det basegenerert i venstreperiferien?


Ein av metodane som kan avdekkja korleis venstreperiferien i adverbiale leddsetningar ser ut, er uttrekking. Reknar vi med ein enkel CP, burde det gå an å flytta eit direkte objekt (DO) fram og ut av ei adverbial leddsetning viss spes-CP er ledig:




Viss det viser seg at det er heilt umuleg å tematisera ut av adverbiale leddsetningar, kan det tyda på at det adverbiale innleiarelementet okkuperer spes-CP:



Viss tematisering er muleg, trass i at innleiarorda er komplekse frasar, kan det tyda på at det finst ledige A'-posisjonar som fungerer som mellomlandingsplass for elementet som flyttar fram. Det vil seia at vi må rekna med ein splitta CP:



eller



Analysen bør òg ta stilling til kva for adverbiale innleiarelement som er frasar, og kva som kan ha blitt reanalysert frå å vera komplekse frasar til å bli kjernar.

Som atterhald til uttrekk som arbeidsmetode, skal uttrekk frå adjungerte setningar generelt vera dårleg, i og med at dei er øyer. Uttrekking ut av ei adverbial leddsetning blir i

prinsippet eit brot på adjunkt-øy-restriksjonen (Huang 1982, i Johnson, 2003): Viss ein XP er i ein adjungert posisjon, kan ingenting flytta ut av den. Styrings- og bindingsteori-forklaringa på dette er at adjungerte strukturar ikkje er leksikalsk styrte (Hukari og Levine 1995: 198). Som vi skal sjå, ser det ut til at norsk likevel tillet slike brot i ein viss grad, men som ein konsekvens av øy-effekten blir eksempelsetningane i dette kapitlet vurderte på ein skala frå *meir* til *mindre dårleg*. Ein bør òg venta at folk er usamde om akseptabilitetsdommane. Når vi likevel observerer at uttrekk er fullt muleg i ein del tilfelle, vil eg nytta fenomenet som ein måte å finna argument for ein frasestrukturanalyse. Å ta stilling til leddsetninga sin status i forhold til oversetninga, som kvifor oversetninga tillet tematisering frå ei øy, og kvar leddsetninga blir adjungert til og liknande, er utanfor denne oppgåva. Verdt å merkja seg, er at skandinaviske språk vanlegvis er meir liberale enn til eksempel engelsk med omsyn til uttrekking, og skandinaviske språk bryt fleire klassiske øy-restriksjonar. Uttrekking frå relativsetningar, innføyde spørsmål og komplekse nominalfrasar er godt dokumenterte (cf. Engdahl og Ejerhed (red.) 1982).

Setningseksempla i analysekapitlet har blitt akseptabilitetsvurderte av fem informantar, på ein skala frå 1 til 5 der 1 er uakseptabel, 2 er nesten uakseptabel, 3 er middels dårleg, 4 er nesten akseptabel og 5 er akseptabel. Eg har lagt vekt på gjennomsnittsvurderinga av den enkelte setninga, men viss nokon av informantane synest setninga er heilt uakseptabel eller heilt akseptabel, skal dette vera nemnt i kapitlet. Heile undersøkinga, med anonymisert liste over informantar, står i tillegget.

Eg byrjar med dei enklaste adverbiale leddsetningane, og den modellen eg reknar med for dei.


4.3 Enkel CP

4.3.1 Vilårssetningar med *om*

Som eg har nemnt, reknar vi *om* til dei generelle subjunksjonane, og utgangspunktet då er at *om* står i C. *Om* kan ikkje vera ein frase. Vilårssetningar som er innleidde med *om*, skal det vera relativt lett å trekkja ut av, i og med at vi reknar med at *om* står i C og spes-CP er ledig i slike tilfelle:

(1)

- a. Eg blir imponert om du har lese den boka til i morgon.¹³
- b. Den boka_o blir eg imponert om du har lese t_o til i morgon.
- c.



Informantane synest (1b) er heilt eller nesten heilt akseptabel. (1c) viser frasestrukturen eg reknar med for (1b). Sidan vi har sett at tematisering ut av *om*-setning fungerer i ein viss grad i denne setninga, vil eg koma attende til den konstruerte setninga fleire gonger i resten av kapittelet, men då med små endringar som gjer at setninga passar semantisk til dei ulike innleiarorda.

4.3.2 Vilårssetningar med finitt verb først

Denne leddsetningstypen finn ein vanlegvis stilt føre oversetninga, så det kan opplevast som kunstig å stilla dei etter oversetninga. Likevel vil eg konstruera to slike eksempel, i og med at det er umuleg å trekkja ut av ei leddsetning som står føre oversetninga. Det finst nokre etterstilte vilårssetningar innleidde med finitt verb i korpuset, sjå (13a) og (13b) i kapittel 3.

(2)

- a. Eg blir imponert, vil du lesa den boka.
- b. ??Den boka blir eg imponert, vil du lesa.

(3)

- a. Du treng større hus, skal du behalda den hunden.

¹³ Konstruert eksempel.

b. ?Den hunden treng du større hus, skal du behalda.

Som vi har sett i teorikapittelet, er det vanleg, og gode grunnar for å rekna med at subjunksjonar og finitte verb utelukkar kvarandre frå C. I vilkårssetningar som er innleidde med verb, må verbet kjerneflytta til C. Spes-CP skal vera fri for leksikalsk materiale, men fire av fem informantar synest (2b) er uakseptabel. Dette kan ha fleire årsaker.

Det kan vera eit abstrakt element i spes-CP som hindrar uttrekking. Vilårssetningar med verbet først har felles form med rogative hovudsetningsspørsmål, som vi reknar med har ein spørsmålsoperator i spes-CP. I og med at setninga er ei adverbial leddsetning, og ikkje fungerer som spørsmål, men som eit adjungert, adverbialt ledd til oversetninga, reknar eg det for usannsynleg at det er ein spørsmålsoperator som blokkerer uttrekking, men ein kan ikkje utelukka at det er noko abstrakt i spes-CP.

Det kan vera at denne typen leddsetningar må stå føre oversetninga, i alle høve for ein del språkbrukarar, eller det kan vera årsaker som ligg utanfor syntaksen som gjer setninga dårleg. (3b) er betre, i følgje informantane, sjølv om den framleis er langt frå god. Det at (2) og (3) får så ulik vurdering når dei er formelt like i innleiinga av leddsetninga, talar for at det ikkje er syntaktiske tilhøve som utelukkar (2b).

4.3.3 Vilårssetningar med *viss*

Viss kan ikkje enkelt bli klassifisert som ein generell subjunksjon på same måte som *at* eller *om*. Vi må ta føre oss eit prinsipielt spørsmål, som gjeld dei fleste adverbiale innleiarorda. Er *viss* ein kjerne eller ein frase?

Rosenkvist (2004: 151-152) hevdar at den danske vilkårssubjunksjonen *hvis* har etymologisk opphav i genitivspronomenet, som har argumentstatus, og/eller i det lågtyske ordet *wes* som tyder *kva* (*som helst*), som òg er eit argument. Samanhengar der *hvis* kunne ha begge tydingane, kan ha starta ein syntaktisk reanalyse, der *hvis* (uavhengig av opphav) har utvikla kondisjonal tyding,¹⁴ og samstundes blitt endra frå frase til kjerne (*ibid.*). Liknande prosessar kan vi sjå for oss med andre adverbiale innleiarord. Felles for *med mindre*, *sjølv om*, *i fall* og andre er at dei opptre i ”faste ordsamband” (NRG: 1035) som har mist si opphavlege tyding og fleksibilitet, og som no har ein bestemt semantikk (vilkår, vedgåing og dei andre). Likevel kan ein ikkje hevda at samansette innleiarord fungerer som syntaktiske kjernar.

¹⁴ Denne prosessen blir kalla grammatikalisering.

I følge Adger (2010: 75) er kjernen i ein konstituent den viktigaste semantisk. Prøver vi denne metoden for å finna kjernen i innleiarelementet i setninga ”viss at du vil lesa den boka”, ser vi at *viss* er minst like semantisk viktig som *at*. Etter Adgers definisjon, burde *at*, som er ein C-kjerne, vore den viktigaste semantisk. Dei to orda uttrykkjer dessutan ulike ting. Berre *viss* gir setninga den kondisjonale meininga. Dette viser at *viss* står høgare enn *at* og er tilgjengeleg for ein semantisk seleksjon ovanfrå.¹⁵

(4)

- a. Eg blir imponert viss du vil lesa den boka.
- b. Den boka blir eg imponert viss du vil lesa.

(5)


- a. Eg blir imponert viss at du vil lesa den boka.
- b. Den boka blir eg imponert viss at du vil lesa.

Uttrekking ser ut til å fungera bra i både (4b) og (5b). Dette tyder på at *viss* ikkje står i spes-CP i (5b), sidan denne A'-posisjonen er open for uttrekk. Dette tyder på at *viss* står i ein ekstra posisjon i denne setninga, og høgare enn *at*, som tidlegare nemnt.

Som ei innvending mot å innføra ein ekstra posisjon, kunne ein seia at *viss at* ikkje er ein ”god” måte å innleia setningar på. Difor vil eg minna om at konstruksjonar med *viss at* ikkje er uvanlege i munnleg språk, med sine 82 søketreff i Scandinavian Dialect Corpus, og at målet med analysen er å forklara denne variasjonen i ein grammatikk som tillet både (4a) og (5a).

Eg vil hevda at *viss* står i C-kjernen i (4) og at det har skjedd ein reanalyse som føreslått av Rosenkvist (2004). Her ser vi korleis tematisering av direkte objekt skjer via spes-CP i (b):

¹⁵ Merk at dette ikkje er seleksjon i vanleg forstand. Sidan leddsetninga er ein adjungert struktur, står den ikkje som komplement til oversetninga. Likevel må vi rekna med at det semantiske innhaldet er representert ved venstreperiferien til leddsetninga, og tilgjengeleg for konteksten.




Eg tenkjer meg at *viss* er ein kjerne i (5) òg, sidan det er det same ordet, og setninga tyder det same, men der er det ein annan kjerne, *at*. Ein kunne tenkja seg at *viss* skal stå i spes-CP når *at* er til stades i C-kjernen, men når uttrekking går så bra, er det er eit argument for å utvida C-domenet, i alle høve i setningar med uttrekk. Her er det to mulege forklaringar på kvifor CP må splittast i slike tilfelle:

- A. To leksikalske kjerner (*viss* og *at*) treng kvar sin kjerneposisjon. Vi kan kalla kjerneposisjonane C1 og C2, for å halda det enkelt.
- B. Det er sjølve uttrekkingsoperasjonen som motiverer splitting av CP. Ein kan tenkja seg at *viss* kan fylla spes-CP der det ikkje er uttrekking, som i (5a), og at uttrekking tvingar *viss* opp i ein eigen, høgare C-projeksjon. Dette er omtrent i tråd med Rizzi (1997), der det er tematisering som er drivkrafta i splitting.


Forklaring B ser ut til å vera meir økonomisk, sidan splitting av CP skjer som siste utveg. Det kan bli naudsynt å rekna med at enkle, adverbiale innleiarord som *viss* kan fungera i både kjerne- og spesifikatorposisjon, særleg *viss* ein godtar konstruksjonar som *viss om at*. Då er det meir økonomisk med to kjerneposisjonar (til *om* og *at*) enn tre, som forklaring A inneber.

Dette er min hypotese vidare i kapittelet: Spes-CP er i prinsippet open for uttrekk i adverbiale leddsetningar. Hypotesen er sett fram på grunnlag av at vi har sett at uttrekk fungerer både med enkle og komplekse innleiarord. Vidare vil eg rekna med at enkle,


adverbiale innleiarord kan vera kjernar (figur 4 under). Av økonomiomsyn ser eg for meg at dei står i spes-CP når det er andre kjernar til stades (figur 5), og at CP blir splitta når leksikalsk materiale A'-flyttar opp i oversetninga via spes-CP¹⁶ (figur 6).



Figur 3. Enkel subjunksjon



Figur 4. Viss i spes-CP og at i C.



Figur 5. To subjunksjonar og uttrekk frå leddsetninga.

Dette gjeld fleire av dei adverbiale innleiarorda, og eg kjem attende til denne analysen i 4.5.

¹⁶ Empirien viser at A'-flytting til fronten av leddsetninga, det vil seia som stoppar der, t.eks. tematisering av eit direkte objekt framfor subjunksjonen, er umuleg, men at flytting gjennom CP i leddsetninga og opp i oversetninga er muleg.

4.4 Preposisjonsfrase + CP

Mange adverbiale leddsetningar er innleidde med element som ser ut som preposisjonar. Hovudoppgåva i dette delkapittelet er å avklara statusen til preposisjonen, om den høyrer til over- eller leddsetninga, og kvar i leddsetninga den eventuelt er plassert.

4.4.1 For at- og for å-setningar


(6)

- a. Du treng ebrary-konto for at du skal få lese den boka.
- b. Den boka treng du ebrary-konto for at du skal få lese.
- c. At du skal få lese den boka treng du ebrary-konto for.
- d. Det treng du ebrary-konto for.

(7)

- a. Du treng ebrary-konto for å lesa den boka.
- b. Den boka treng du ebrary-konto for å lesa.
- c. Å lesa den boka treng du ebrary-konto for.
- d. Det treng du ebrary-konto for.

I desse setningane går uttrekk heilt greitt, noko som tyder på at preposisjonen ikkje står i spes-CP. Dessutan er det muleg å tematisera *at/å*-setninga, som i (c)-setningane over, men det er betre å byta ut *at/å*-setninga med ein DP (*det*, som i (d)-setningane). Dette viser at *at/å*-setninga fungerer nominalt i ein PP som er predikatsadverbial i oversetninga, slik:



I denne modellen kan ein tenkja seg at den nedste CP-en kan bytast ut med ein DP. Ein kan òg tenkja seg at den nedste CP-en kan tematiserast til spes-CP i den øvste CP-en, eller at ein DP som refererer til CP-en kan tematiserast.

Seinare skal vi sjå at *at*-setningar ikkje kan tematiserast i setningar med *fordi*, eller der *for* tyder det same som *fordi*. I mellomtida skal vi sjå på andre konstruksjonar med PP-CP:

(8)

- a. Eg skal spela imponert mot at du les den boka.
- b. ??Den boka skal eg spela imponert mot at du les.
- c. ??At du les den boka skal eg spela imponert mot.

I (8c) er tematisering av *at*-setninga (eller DP-en som refererer til *at*-setninga) mindre akseptabel¹⁷ enn det var i (6) og (7). Det kan forklarast med at *mot* nok er meir sjeldsynt som stranda preposisjon, eller med at det er noko semantisk ved ordet *mot* som gjer at det ikkje fungerer i slike samanhengar. Reint syntaktisk burde denne setninga ikkje vera ulik (6), så det at setninga er dårleg, er truleg ikkje på grunn av blokkering av uttrekk.

¹⁷ To informantar synest den er heilt uakseptabel.

Utan er ein antikondisjonal subjunksjon i svensk (Rosenkvist 2004: 123). I korpuset blir (så vidt eg veit) *utan* ikkje nytta åleine, sjølv om *utan* kan stå åleine på svensk. Det kan sjå ut til at vi må ha *at* eller *å* i tillegg. Nokre av informantane, men ikkje alle, aksepterer at *utan* kan stå åleine og fungera som setningsinnleiar, sjå (9b) under.¹⁸ I tilfelle (9b) er dårleg, må vi rekna *utan* som preposisjon av same kategori av setningsinnleiarar som *for at* og *mot at*. Som venta ser vi dei same fenomen: Uttrekking av objekt går betre enn i (8), men dårlegare enn i (7), og *at*-setninga kan (marginalt) tematiserast. Som med *mot*, skal eg gå ut frå at (9d) og (10c) ikkje er dårlege på grunn av syntaktiske tilhøve.

(9)

- a. Du klarar ikkje prøven utan at du les den boka.
- b. ? Du klarar ikkje prøven utan du les den boka.¹⁹
- c. ?Den boka klarar du ikkje prøven utan at du les.
- d. ?At du les den boka klarar du ikkje prøven utan.

(10)

- a. Du klarar ikkje prøven utan å lesa den boka.
- b. ?Den boka klarar du ikkje prøven utan å lesa.
- c. ?Å lesa den boka klarar du ikkje prøven utan.

4.4.2 *Fordi*-setningar

Fordi og *for det* innleier berre finitte *at*-setningar, i motsetnad til *for*, *mot* og *utan*, som kunne innleia både *at*- og *å*-setningar. Eg skal inntil vidare analysa *fordi* som preposisjonsfrase, på grunn av at *fordi* eigentleg har same struktur som *for det*, *av di* og *med di*. *Þvi*, som i følgje *Nynorskordboka* (UiO og Språkrådet 2010) var dativforma av *det*, blei i dei nemnde preposisjonsfrasane til *thi* og vidare til *di* (Falk og Torp 1900: 229). *Fýrir þvi at*, *af þvi at* og *með þvi at* var dei norrøne frasane som kunne uttrykkja årsakstilhøve (*ibid.*). Eg vil plassera *etter di* i same kategori, sidan det òg er ein preposisjonsfrase med *di*. Dessutan vil eg hevda at *etter det*-funnet i korpuset er ein slik konstruksjon.

¹⁸ Kommentrarar til setninga: Informant A: ”Det går eigentleg ikkje an å seia det, det manglar eit viktig ord der”. Informant D: ”det trur eg vi kan seia i Kvam”. Kommentrarane viser variasjon, så eg held det for muleg at *utan* både kan vera preposisjon som tar CP som komplement, og adverbialt innleiarelement. I grammatikkane der *utan* er det sistnemnte, vil analysen bli lik som analysen for *vis* (*at*).

¹⁹ Eg aksepterer ikkje denne konstruksjonen, trass i den høge poengsummen setninga har fått.

(11)

- a. Eg blei glad fordi du ville lesa den boka.
- b. Den boka blei eg glad fordi du ville lesa.

(12)

- a. Eg blei glad fordi at du ville lesa den boka.
- b. Den boka blei eg glad fordi at du ville lesa.

(13)

- a. Eg blei glad for det du ville lesa den boka.
- b. Den boka blei eg glad for det du ville lesa.

(14)

- a. Eg blei glad for det at du ville lesa den boka.
- b. Den boka blei eg glad for det at du ville lesa.

Setningane i (11), (12), (13) og (14) er svært like, og dei har den same tydinga. Fire av fem informantar er samde om at skilnaden er svært liten. Kanskje er det dialektale tilhøve som avgjer kva for ein konstruksjon ein språkbrukar nyttar, men det blir det utanfor oppgåva å gå inn på.

Det er ingen nemneverdige skilnader i akseptabilitetsvurderingane av dei fire konstruksjonane over. Dei skil seg frå dei enkle PP+CP-konstruksjonane i førre delkapittel, først og fremst med dette: Når *for det at* er nytta som årsakssetningsinnleiar, kan *at*-setninga ikkje tematiserast:

- c. *At du ville lesa den boka blei eg glad for det.

Dette kunne vore på grunn av at *det+at*-setning er ein kompleks DP, der *det* viser til (og er koreferert med) *at*-setninga:

- d. [_{DP}[_{det_i}] _{CP}[at du ville lesa den boka_i]]


Som vi ser i (14b), går det i prinsippet greitt å trekkja ut av denne komplekse DP-en, så det er truleg ikkje øy-restriksjonar som gjer at *at*-setninga ikkje kan trekkjast ut. I (14c) kan problemet vera at DP-en heller blir tolka som å stå sjølvstendig, enn å referera til *at*-setninga. Då blir tolkinga (14e):

- e. *Det blir eg glad for det.²⁰

I den følgjande *for at*-setninga er den rimelege tolkinga at *at*-setninga fungerer nominalt. Frasestrukturen då er vist i (15b). Nominale leddsetningar kan bytast ut med, til eksempel, *det*, som i (15d) og (15e), eller ein kan la dei vera komplement i ein meir eller mindre kompleks DP, som i (15f) og (15g). Frasestrukturen til den relevante delen av (15f) er vist i trestrukturen under.

(15)

- a. Eg blei glad for at du ville lesa den boka
- b. Eg blei glad [PP [P for] [CP [C at] [TP du ville lesa den boka]]]
- c. At du ville lesa den boka, blei eg glad for.
- d. Eg blei glad for det.
- e. Det blei eg glad for.
- f. Eg blei glad for det at du ville lesa den boka.
- g. Eg blei glad for det gledelege tilfellet at du ville lesa den boka.



I trestrukturen over viser eg berre preposisjonsfrasen med den innføyde setninga. Merk at spes-CP er open slik at *den boka* kan tematiserast, som (14b) viser at den kan.

Eg har sagt at *fordi*, *fordi at*, *for det* og *for det at* er like, men analysen over passar tilsynelatande berre på den sistnemnte. Når det gjeld *for det*, kan ein seia at *at* er underforstått og usynleg. *Fordi* har nok i utgangspunktet hatt den same finstrukturen som

²⁰ Både (c) og (d) har fått ein relativt høg poengsum, noko som skriv seg frå at setninga har ei anna muleg tolking: "Det blir eg glad for, det." Den tolkinga føreset kommaintonasjon, og setninga har ein annan underliggjande struktur enn setningane som står over. Sjå 1.3.2.


PP-DP-frasane over, men det faste ordsambandet kan tyda på at det har skjedd ein reanalyse. Til eksempel: Den komplekse DP-en *det at du ville lesa den boka* kan tematiserast ut av PP-en, men det kan ikkje *di at du ville lesa den boka*. *At*-setninga som står etter *fordi* kan ikkje tematiserast:

(16)

a. ??At du ville lesa den boka blei eg glad *fordi*.²¹

Dette kunne koma av at *di+at*-setning er ein kompleks DP, men det argumentet er tilbakevist på førre side. Meir sannsynleg er det at *fordi* er reanalysert som adverbialt innleiarelement. Det ser ut til å vera berre preposisjonsinnleiarar som tillet tematisering av innføydd CP.²² *Fordi* har altså ikkje preposisjonsegenskapar, så eg vil ikkje argumentera for at *fordi* står i P-kjernen. Eg vil hevda at *fordi* er ein C-subjunksjon, på same måte som *viss*.

Fordi står i C, sjå (a) under. I dei tilfella når *at* er til stades, kan *fordi* stå i spes-CP, sjå (b), men når uttrekk skjer, er spes-CP open for uttrekk og *fordi* står i den høgare C-kjernen, sjå (c). Eg kallar den X nett no, for kva for projeksjon XP kan vera, blir diskutert i 4.5.2.



²¹ To informantar synest den er uakseptabel, dei andre synest ikkje det er så rart at setninga sluttar med *fordi*. Eg trur dette kan koma av likskapen mellom *fordi* og *for*. Eg synest setninga er uakseptabel.

²² Seinare i kapittelet skal vi sjå at bestemte adverb som kan stå i oversetninga på same måte som preposisjonar, har liknande eigenskapar.

4.4.3 *Fordi om*-setningar

At i *for det at*-setningar kan bli utelaten, men den generelle subjunksjonen *om* kan ikkje bli utelaten i vedgåingssetningane som har PP+DP+CP:

(17)

- a. Du klarar nok prøven for det om du ikkje har lese den boka.
- b. Den boka klarar du nok prøven for det om du ikkje har lese.

(18)


- a. Du klarar nok prøven fordi om du ikkje har lese den boka.
- b. Den boka klarar du nok prøven fordi om du ikkje har lese.

(19)

- a. Du klarar nok prøven fordi om at du ikkje har lese den boka.
- b. Den boka klarar du nok prøven fordi om at du ikkje har lese.

Som med *fordi at*-setningane ser vi at uttrekking går ganske bra, noko som tyder på at spes-CP er ledig. Setningane i dette delkapittelet har andre fellestrekk òg. Alle er innleidde med preposisjonen *for*, og så kjem eit nominalledd som har ein CP internt. Mykje tyder på at vedgåingssetningane (17)-(19) skal ha den same analysen som årsakssetningane (11)-(14). Ein viktig skilnad er at *at* i årsakssetningane er fakultativt, medan *om* i vedgåingssetningane er obligatorisk. Årsaka til denne skilnaden ligg truleg på den semantiske sida, til eksempel ved at setningstypen spesifiserer kva for generell subjunksjon som skal stå i C-kjernen. Dette temaet tar mellom anna Stroh-Wollin (2002) sin analyse føre seg, sjå 2.6.

Det formelle problemet dukkar opp i (19), der både *at* og *om* er til stades. Dette problemet kan bli løyst ved å rekna med ein venstreperiferifrase til, slik at dei generelle subjunksjonane kan stå i kvar sin kjerne. Tidlegare har eg sagt at subjunksjonar, altså kjernar, kan stå i spes-CP når det er fleire til stades. Så langt har det vore samsvar mellom dei to kjernane, men her er *om* og *at* to ulike subjunksjonar som begge er typiske kjernar. Difor vil eg hevda at dei kan stå i kvar sin C-projeksjon. Den øvste kjernen inneheld då vedgåingstydinga, som eg snart skal visa at *om* kan uttrykkja åleine, slik at setninga blir valt som vedgåingssetning. Den nedste kjernen blir deklarativ, og representert ved *at*.



No har vi sett fleire eksempel på at det trengst ein ekstra frase i venstreperiferien til leddsetninga. Det neste delkapittelet handlar om den.

4.5 Splitta CP

4.5.1 *Sjølvs om- og endå (om)-setningar*

Kva er *endå*, når *endå* fungerer som adverbial setningsinnleiar? *Endå* kan ikkje bli nytta som preposisjon, for i (20a) og (20c) under har den ei setning som komplement, og ikkje ein DP. I (20b) har eg bytt ut leddsetninga med ein DP, og det går ikkje an. *Endå* er ikkje ein av dei generelle subjunksjonane, men ordet kan ha den generelle subjunksjonen *om* etter seg, som i (21). *Endå* er heller ikkje eit predikatsadverbial i oversetninga, for då ville (22) vore ei god setning.

(20)

- a. Du klarte prøven, *endå* du ikkje hadde lese den boka.
- b. *Du klarte prøven, *endå* det.
- c. Den boka klarte du prøven *endå* du ikkje hadde lese.

(21)

- a. Du klarte prøven, *endå om* du ikkje hadde lese den boka.
- b. Den boka klarte du prøven *endå om* du ikkje hadde lese.

(22)

- a. ?Du klarte prøven endå.²³

Sidan uttrekking fungerer bra i (b)-setningane over (berre éin informant synest setningane er uakseptable²⁴), skal *endå* heller ikkje stå i spes-CP. Dermed treng vi ein frase i venstreperiferien for element som *endå*, som står i ein mellomposisjon mellom oversetninga og leddsetninga. Dette gjeld særleg i dei tilfella der dei har generelle subjunksjonar etter seg og ikkje kan stå i C-kjernen, sjølv om dei er så enkle at reanalyse elles ville vore muleg.

Sjølv om, i motsetnad til *endå*, har obligatorisk generell subjunksjon, *om*. Sjå (23a) for eit eksempel utan *om*. Litt marginalt kan den generelle subjunksjonen *om* fungera åleine som innleiar i vedgåingssetningar, som i (23b), men det beste er å ”forsterka” *om* med eit adverb som *sjølv* eller *uansett*.

(23)

- a. *Du klarte prøven, sjølv du ikkje hadde lese den boka.
b. Du klarte prøven, om du ikkje hadde lese den boka.
c. Du klarte prøven, sjølv/uansett om du ikkje hadde lese den boka.
d. Den boka klarte du prøven sjølv om du ikkje hadde lese.

Ein kunne argumentera for at *sjølv* og *om* er reanalysert som ei eining, *sjølv-om*, som ville fått plass i C-kjernen. Eit argument mot dette er at *uansett + om* (som har same tyding som *sjølv om*) ikkje er ei eining, i og med at *uansett* òg kan ha andre spørjeord (kv-frasar) etter seg i vedgåingssetningar. Dette har vi sett eksempel på i (11) i empirikapittelet, og analysen for desse setningane kjem eg attende til i 4.6.1. Skilnaden mellom *uansett om* og *sjølv om* er at *uansett* kan fungera åleine som predikatsadverbial i oversetninga, og *sjølv* kan ikkje det:

(24)

- a. Du klarte prøven uansett.

²³ Denne skal vera OK på svensk, der *ändå* tyder omtrent *likevel*.

²⁴ Denne informanten (C) oppdaga mot slutten av undersøkinga, der desse setningane var, at alle setningane byrja med *den boka* følgd av eit finitt verb som ikkje var relevant for *den boka*. Deretter vurderte informanten resten av setningane som uakseptable. Eg meiner dette er eit eksempel på at øy-effekten brått slo inn. Gjennomsnittssummen for desse setningane er truleg lågare enn den elles ville vore, så eg baserer analysen på vurderingane til dei andre informantane i dei setningane det gjeld (sjå tillegget. 7.2).


- b. Du klarte prøven sjølv.²⁵

At kan fakultativt bli lagt til etter konstruksjonar som *sjølv om* og *endå om*, og til og med etter *endå*, i følgje informantane:²⁶

(25)

- a. Du klarte prøven, sjølv om at du ikkje hadde lese den boka.
- b. Den boka klarte du prøven sjølv om at du ikkje hadde lese.
- c. Du klarte prøven, endå at du ikkje hadde lese den boka.

Uttrekking går bra, så det ekstra elementet fører ikkje til at noko må stå i spes-CP. Som i 4.4.3 skal vi rekna med at *at* og *om* står i kvar sin kjerneposisjon, som trestrukturen på neste side viser.




4.5.2 CP eller SubP?

Ein god del av dei adverbiale leddsetningane treng ein ekstra projeksjon i venstreperiferien til dei adverbiale innleiarorda. Dette gjeld i hovudsak dei leddsetningane som ikkje er preposisjonsinnleidde. I tråd med Stroh-Wollin (2002: 161) kunne vi kalla denne for SubP. Eit alternativ kunne vore AdvP, sidan dei fleste av innleiarorda som fyller denne funksjonen er adverbfrasar, men som vi har sett mellom anna i (22), er det ikkje eit predikatsadverbial, men noko som høyrer til venstreperiferien i leddsetninga. Her er eit forslag til ein frasestruktur for (25) som inkluderer SubP:

²⁵ Setninga er grammatikalsk, men har endra tydinga: Du klarte prøven *på eiga hand*, ikkje *uansett*.

²⁶ Informant E: "At der var rart, men ikkje rart nok til å forkasta setninga". Informant A: "eg kan sjå for meg at nokon seier det". Eg vil hevda at å leggja til *at* etter nesten kva innleiarord som helst er muleg, og det ser ikkje ut til at det endrar tydinga i nokon av leddsetningane som er innleidde med andre ord først.



I delkapittel 4.3.3 blei den øvste C-projeksjonen kalla for C1. Det bør diskutert om denne projeksjonen er ein eigen, sjølvstendig projeksjon (SubP), eller om den er ein kopi av CP. Eit kjernesporsmål her er korleis analysen forklarar at det er nok med ein ledig A'-posisjon for at uttrekk skal finna stad. I følgje prinsippet om relativisert minimalitet, må A'-flytting skje til nærmaste A'-posisjon (Åfarli og Eide 2003: 249). Setningar som (c) over vil vera brot på dette prinsippet, sidan *den boka* ikkje kan flytta til spes-SubP, men setninga er likevel akseptabel.

Ei muleg forklaring på dette, og eit argument for SubP, kan vera at spes-SubP ikkje er ein *relevant* A'-posisjon. Dette kan tenkjast i tilfelle SubP er reservert adverbiale innleiarord. Ei anna forklaring, og eit argument for kopiering, kan vera at A'-flytting til spes-C1P ikkje er naudsynt sidan C1 og C2 er den same projeksjonen i to utgåver. Her kan det tenkjast at kravet om flytting til nærmaste relevante posisjon blir oppfylt av flytting til spes-C2P, og deretter kan elementet flytta direkte vidare til oversetninga.

Eit argument mot SubP er at vi nok ikkje kan seia at projeksjonen er reservert dei adverbiale innleiarorda. Vi har sett korleis den øvste C-projeksjonen får den eine generelle subjunksjonen i kjerneposisjon i setningar med to generelle subjunksjonar. Projeksjonen har altså den same subjunksjonsberande funksjonen som CP.

Ein av hypotesane mine for kapittelet (sjå 4.3.3) var at CP blir splitta av uttrekking. I setningar som (b) over, har det ikkje skjedd uttrekking, men vi har framleis bruk for to C-projeksjonar. Det kan likevel henda at CP blir splitta av uttrekking, når det er det mest

økonomiske, men denne hypotesen blir no jamstilt med den andre hypotesen: To kjernekategori-er krev to kjerneposisjonar. C1- og C2-forklaringa bør difor innebera ein del stipulasjonar, til eksempel om kvifor CP ikkje kan splittast til tre separate projeksjonar.

Ein måte å løysa dette på, er å seia at denne splittinga av CP skjer på same måte som splittinga av VP i dobbelt objekt-konstruksjonen i følgje teorien om larsonske skal (Larson 1988, i Åfarli og Eide 2003: 124-129). I så fall kan ein tenkja seg at den øvste CP-en ligg som eit skal utanpå den andre. Dette blir ei teori-intern løysing. Problemet kan òg bli løyst ved å peika på at det ikkje trengst meir enn to CP-ar i følgje dette datamaterialet, og at modellen av økonomiøkonomi såleis ikkje kan innehalda fleire projeksjonar. I 4.6.1 viser eg kvifor CP ikkje kan bli splitta for å tillata meir enn eitt uttrekk eller ein tematisering.

Etter desse vurderingane vil eg rekna med ein analyse der CP blir splitta til to utgåver av seg sjølv, med like funksjonar, men med den plassen vi har sett at dei adverbiale innleiarelementa treng. Til no i delkapittelet har vi sett på ein bestemt type adverbial leddsetning: Vedgåingssetningar som har *om* som eitt av innleiarelementa. Vidare vil eg testa den same analysen på andre typar innleiarfrasar. Dei er hovudsakeleg vilkårssetningsinnleiarar som er komplekse frasar med den fakultative subjunksjonen *at*.

4.5.3 Så sant- og så framt-setningar, og andre

I *så sant* og *så framt* er *så* ikkje konjunksjon, men adverb som modifierer adjektiva *sant* og *framt*. Korkje *så* eller adjektiva kan stå åleine og likevel uttrykkja vilkår. Finstrukturen i den adverbiale innleiarfrasen er truleg slik:



Så sant og *så framt* er faste ordsamband, så det er vanskeleg å sjå for seg at ein kan utvida uttrykket med t.eks. ”veldig”: *så veldig sant*. *Så sant* har nemleg ei bestemt, kondisjonal mening. Dette kan tyda på at ein grammatikaliseringsprosess har kome eit stykke på veg, så eg skal ikkje ta for gitt at frasen har den utbroderte strukturen over.

Likevel vil eg ikkje hevda at innleiarsfrasen kan bli reanalysert som subjunksjon og stå i C-kjernen, sidan det er to ord.

Denne adverbiale innleiarsfrasen kan, som nemnt i (19) i førre kapittel, ha anten *at* eller *som* som fakultativ, generell subjunksjon.

(26)

- a. Eg blir imponert så sant du verkeleg har lese den boka.
- b. Den boka blir eg imponert så sant du verkeleg har lese.

(27)


- a. Eg blir imponert så sant at du verkeleg har lese den boka.
- b. Den boka blir eg imponert så sant at du verkeleg har lese.

Uttrekking er fullt muleg, så den adverbiale innleiarsfrasen blokkerer ikkje spes-CP. Den er heller ikkje predikatsadverbial i oversetninga og er ikkje ein preposisjon:

(28)

- a. *Eg blir imponert så sant.
- b. *Eg blir imponert så sant det.

Etter denne analysen, ser det ut til at *så sant* og *så framt* er typiske spes-CP-innleiarar, som står i C1 når uttrekking motiverer splitting. I (a) under, er det berre ein CP, i (b) er begge aktive og til stades.



Her er *at/som* valfrie. Det kan tenkjast at den generelle subjunksjonen anten er uttalt eller underforstått. Leksikalsk innhald i spes-CP ser ut til å vera nok til å leksikalisera C-domenet. Truleg må det leksikalske innhaldet vera i samsvar med C-kjernen. Desse andre


adverbiale innleiarelementa ser ut til å ha dei same eigenskapane som *så sant (at)*: *i fall (at)*, *dersom (at)*, *berre (at)*, *med mindre (at)*.

Det finst adverbiale innleiarord som samsvarar med *at*, som dei over, og det finst adverbiale innleiarord som samsvarar med *om*, som *endå*, eller *uansett*. Dette er eit interessant problemområde som eg likevel ikkje vil diskutera vidare.

4.6 Adverbiale leddsetningar med intern tematisering

4.6.1 Uansett+spørjeord

Ei gruppe av vedgåingssetningar startar med eit adverb som *uansett*, og har same form som innføydde spørsmål etter det adverbiale innleiarordet. Innleiarfrasen kan vera *uansett+om*, eller *uansett+kv*-frase. I dei sistnemnte flyttar kv-frasen til spes-CP frå ein posisjon lenger nede i setninga. Modellen eg har nytta til no har prediksjonen at når spes-CP er fylt, skal det ikkje vera muleg å trekkja det direkte objektet ut av leddsetninga:



I denne figuren har kv-frasen flytta til nærmaste relevante A'-posisjon, så den er stengt for anna framflytting. Viss det direkte objektet flyttar ut via ein eventuell annan A'-posisjon (som spes-C1P), ville det vera eit brot på prinsippet om relativisert minimalitet. Vi forventar altså at uttrekking skal vera betre i (29), som ikkje har intern A'-flytting, enn i (30) og (31):

(29)

- a. Du klarar nok prøven, uansett om du ikkje har lese den boka.
- b. Den boka klarar du nok prøven uansett om du ikkje har lese.

(30)

- a. Du klarar nok prøven uansett kvifor du ikkje har lese den boka.
- b. *Den boka klarar du nok prøven uansett kvifor du ikkje har lese.

(31)

- a. Du klarar ikkje prøven uansett kor grundig du har lese den boka.
- b. *Den boka klarar du ikkje prøven uansett kor grundig du har lese.

Undersøkinga viser at dei to siste (b)-setningane er vurdert å vera ganske dårlege, medan (29b) er betre, som venta ut frå modellen. Dei gjennomsnittlege poengsummane er 2,8 for (29b), 1,8 for (30b) og 1,2 for (31b). Det er altså skilnader i vurderinga av (30b) og (31b), sjølv om begge er markerte med stjerne over. Som nemnt i 4.2, må ein venta at folk er usamde om akseptabiliteten til slike setningar, og eg meiner at (30b) og (31b) ikkje er så veldig ulike formelt. Den største skilnaden her er mellom (29b) og (31b), der den første har blitt vurdert til 4 (nesten akseptabel) av to informantar medan den andre har blitt vurdert som heilt uakseptabel av fire informantar. Dette reknar eg som støtte for modellen min. Sidan setningar med intern tematisering ikkje tillet uttrekking i like stor grad som setningar med komplekse adverbiale innleiarelement gjer det, fortel det at hypotesen om at adverbiale innleiarelement ikkje okkuperer spes-CP kan stemma.


Ei innvending mot analysen kunne vera at modellen ikkje utelukkar splitting av CP i fleire projeksjonar når ein flyttande frase treng ein mellomlandingsplass, uavhengig av innleiarord. Eg har jo argumentert for at uttrekking av setningar med komplekse, adverbiale innleiarelement kan føra til splitting av CP. Ein viktig skilnad mellom adverbiale innleiarord som kan stå i spes-CP og kv-frasar som kan stå i CP, er at dei adverbiale innleiarelementa blir basegenererte i venstreperiferien, medan kv-frasane blir genererte lenger nede i frasestrukturen. Når ein kv-frase har flytta til nærmaste A'-posisjon, er den posisjonen stengt for andre element. Då nyttar det heller ikkje å opna fleire A'-posisjonar over den, sidan all flytting må skje til nærmaste relevante posisjon.

Statusen til *uansett* er ambivalent. *Uansett* kan anten fungera som predikatsadverbial i oversetninga, som (32a) viser, eller det kan vera ein adverbial innleiarfrase i leddsetninga, som vist i (32b):

(32)

- a. Du klarar ikkje prøven uansett.
- b. Uansett kor grundig du har lese den boka, klarar du ikkje prøven.

I tilfelle *uansett* skal analyserast som predikatsadverbial i oversetninga, kan vi få denne frasestrukturen:



4.6.2 Same kva-setningar

Eit alternativ til å innleia leddsetninga med *uansett*+kv-frase, er *same*+kv-frase. Her kan *same* ikkje vera eit predikatsadverbial i oversetninga:

(33)


- Du klarar ikkje prøven, same kor grundig du har lese den boka.
- *Du klarar ikkje prøven same.
- ??Den boka klarar du ikkje prøven, same kor grundig du har lese.

(34)

- Du klarar nok prøven, same kvifor du ikkje har lese den boka.
- *Den boka klarar du nok prøven, same kvifor du ikkje har lese.

Som med *uansett*+kv-konstruksjonane over, ser vi at uttrekk er relativt dårleg, sjølv om informantane er litt usamde om vurderinga. (33c) har blitt vurdert til 2,25, der tre informantar synest setninga er "nesten uakseptabel". (34b) får gjennomsnittssummen 1, som er den lågaste av alle setningane. I den grad desse setningane er dårlege, kan det koma

av at kv-frasen flyttar frå ein posisjon internt i leddsetninga til spes-CP. I dette tilfellet skal *same* ikkje stå i ein AdvP adjungert til oversetninga, men kan fylla spes-C1P:



Frasestrukturen over kan tenkjast å vera den rette analysen for *uansett*-konstruksjonar òg. Det er viktig å merkja seg at *uansett* + kv-frase kan ha to funksjonar, slik som i eksempel (32), medan *same* + kv-frase berre kan ha ein funksjon, jamfør (33b). *Uansett* + kv-frase kan altså både ha analysen over, og den som er skissert på side 69. *Same* + kv-frase kan ikkje analyserast slik som på side 69.

4.6.3 Når- og sidan-setningar

Denne oppgåva har vore avgrensa til adverbiale eksplikativsetningar. Nokre av setningane som blei omtala i kapittel 3 var likevel implikative. Det vil seia at innleiarordet i den adverbiale setninga kjem frå ein intern posisjon i leddsetninga. Nokre implikative setningar blei analyserte i 4.6.1 og 4.6.2, men det finst òg andre implikative setningar i datamaterialet. Blant anna er dette årsakssetningar som er innleidde med *då* og *når*. Desse orda kan òg innleia tidssetningar, og det er ikkje alltid enkelt å vurdere om setninga uttrykkjer tids- eller årsakstilhøve, men uavhengig av det kan det vera interessant å testa modellen over opp mot nokre få slike setningar.

Når kjenner vi som ein av dei vanlege kv-frasane, og difor ventar vi at *når* flyttar frå sin basegenererte posisjon som AdvP adjungert til V', og til spes-CP. Viss dette var tilfellet, burde (35b) vore markert dårlegare, men den har fått relativt høg poengsum, og ein informant synest den er heilt akseptabel.

(35)


- a. Eg skal bli imponert når du har lese den boka.
- b. Den boka skal eg bli imponert når du har lese.

Når kan ha blitt reanalysert som ordnivåkategori, og står i så fall i C-kjernen. *Når at* er òg ein akseptabel setningsinnleiar:

(36)

- a. Eg skal bli imponert når at du har lese den boka.
- b. Den boka skal eg bli imponert når at du har lese.

Her er uttrekking ikkje dårlegare enn i (35), og det tyder på at *når* ikkje står i spes-CP når *at* er til stades. Her kan det reanalyserte ordet *når* stå i C1, og *at* i C2, noko som fører til at spes-CP fortsatt er open:



I same kategori av tidsadverb som blir nytta som årsakssetningsinnleiarar, har vi òg *sidan*. Lat oss sjå om dette er ein implikativ setningsinnleiar:

(37)

- a. Eg blei imponert sidan du ville lesa den boka.
- b. Den boka blei eg imponert sidan du ville lesa.

Sidan fungerer som årsakssetningsinnleiar på ein meir eintydig måte enn *når*. Om vi tenkjer oss at ordet kjem frå ein setningsintern posisjon, ser vi at der (38a) inneber eit spørsmål om tid, er (38b) eit ja/nei-spørsmål som ikkje har noko med årsak å gjera:

(38)

- a. Du ville lesa den boka når?
- b. Du ville lesa den boka sidan?

Sidan som tidsadverbial må seiast å vera eit anna ord enn *sidan* som årsakssetningsinnleiar, og difor vil eg hevda at årsakssetningar med *sidan* er eksplikative. Eit anna argument for dette, er at uttrekk går så bra som i (37b). *Sidan* kan tenkjast å stå i C, eventuelt i spes-CP når *at* er til stades, eller i C1 i tilfelle med uttrekking, som (37b). Dette er den same analysen som eg føreslår for dei adverbiale innleiarorda som er enkle nok til å kunna fylla ein C-kjerne.

5 Konklusjon

5.1 Oppsummering av analysen

Frasestrukturen for venstreperiferien i adverbiale leddsetningar kan og bør vera minimalistisk. Ofte er det tilstrekkeleg med ein enkel CP, og ein del adverbiale innleiarelement er enkle nok til at ein kan hevda at dei fungerer som C-kjerner.

Når uttrekk er muleg sjølv om det er meir enn eitt innleiarelement til stades, kan det forklarast med to CP-ar, C1P og C2P. Dei er eigentleg den same projeksjonen, så uttrekk må berre mellomlanda i den nærmaste relevante A'-posisjonen, som vil vera den nedste CP-en. Den øvste CP-en inneheld setningstypeinformasjon og er tilgjengeleg for semantisk seleksjon frå oversetninga.

Når det er meir enn ein generell subjunksjon til stades, er den øvste C-posisjonen, C1, ein ekstra kjerneposisjon for den høgste generelle subjunksjonen, vanlegvis *om*. *Om* endrar meininga i setninga meir enn *at*, som blir ståande i C2-kjernen.

Nokre adverbiale leddsetningar er innleidde med preposisjonar eller preposisjonsfrasar. Viss leddsetninga kan seiast å fungera nominalt, høyrer preposisjonen eller preposisjonsfrasen til i oversetninga, så den skal ikkje stå i CP. Preposisjonsfrasen som innleier leddsetninga kan ha ein DP som komplement. I så fall står leddsetninga som komplement til DP-en, og DP-en og leddsetninga utgjer ein kompleks DP. Viss den tilsynelatande preposisjonsfrasen ikkje fungerer som ein preposisjon (*fordi*), er den reanalysert som adverbialt innleiarelement, og kan stå i C-kjernen.

Nokre adverbiale leddsetningar er innleidde med adverb eller adverbfrasar som kan stå som predikatsadverbial i oversetninga. Eg føreslår at desse adverba (*uansett*) kan bli analyserte som adjungerte predikatsadverbial med ei leddsetning som komplement. Eit alternativ er at adverbfrasen blir analysert som meiningsberande element i leddsetninga sin venstreperiferi. Liknande adverb (*same*) kan ikkje kan stå som predikatsadverbial i oversetninga, og då er den einaste mulegheita at adverb står i C-domenet i leddsetninga.

Eit argument for analysen, er at intern kv-flytting (til eksempel i setningar innleidde med *uansett/same*+kv-frase, altså implikative setningar) fører til at uttrekking av direkte objekt blir dårlegare enn i det er i setningar utan kv-flytting (eksplikative setningar). Dette kan vera på grunn av at kv-flytting fyller den nærmaste relevante A'-posisjonen slik at andre element ikkje kan flytta dit. At uttrekk frå eksplikative setningar stort sett er betre, viser at det adverbiale innleiarelementet ikkje okkuperer spes-CP.

Når innleiarordet i den adverbiale leddsetninga kjem frå ein posisjon internt i setninga, kan det av og til, når det er enkelt nok (som *når*), bli reanalysert som subjunksjon. Då vil uttrekking vera tillate.

5.2 Resultat

I denne oppgåva har eg forsøkt å gå frå ei semantisk inndeling av dei adverbiale leddsetningane til ei formell inndeling. Utgangspunktet for denne inndelinga var at innleiarfeltet i dei adverbiale leddsetningane ser ut til å vera svært komplekst. Oversynet i kapittel 3 viser at sjølv om det finst mykje variasjon mellom adverbiale innleiarord, kan ein skilja mellom i alle fall fire hovudtypar, sjå 3.3. Desse typane av adverbiale innleiarord har eg utvikla analysar for i kapittel 4. Analysen er oppsummert i 5.1.

Eg har nytta uttrekking som metode, og lagt til grunn prinsippet om relativisert minimalitet. Det vil i praksis seia at når uttrekking frå adverbiale leddsetningar er muleg, reknar eg med at det kjem av at den nærmaste A'-posisjonen (spes-CP) er ledig.

Akseptabilitetsundersøkinga mi viser at uttrekking frå adverbiale leddsetningar er muleg, trass i at dei er adjungerte strukturar. Nokre setningar er heilt akseptable for dei fleste, andre har problem med å akseptera ein del andre setningar, men berre nokre av setningane blir vurderte som sterkt uakseptable. Dette er interessante funn som kan visa seg å ha implikasjonar for korleis vi ser på syntaktiske øyer generelt, og adverbiale leddsetningar spesielt.

5.3 Muleg vidare arbeid

I løpet av oppgåva har det kome fram emne som det ville vore interessant å studera vidare. Eg har spesielt nemnt tre område som eg vil seia noko meir om her: Å testa analysen opp mot andre, liknande konstruksjonar, å undersøkje kvifor oversetninga tillet tematisering frå ei øy og å ta føre seg den semantiske sida ved dei adverbiale innleiarorda.

Som vi har sett i teorikapittelet, har det vore gjort mykje forskning på CP, men eg håpar at analysen min kan vera eit bidrag til ei større forståing av venstreperiferien. Ein måte å anten sannsynleggjera analysen min eller finna ut om den må revurderast, kunne vera å forsøkje å ekstendera modellen til relativsetningar, interrogative hovudsetningar, og andre språk.

Eg nemnte i 4.2 at det er uventa at tematisering ut av ei adjungert leddsetning er muleg. Her kan ein gjera syntaktiske undersøkingar som avklarar leddsetninga sin status i forhold til oversetninga. Aktuelle problemstillingar kan vera kvar leddsetninga blir adjungert til, og kva slags seleksjon som føregår mellom oversetninga og leddsetninga.

Det at verbflytting blir blokkert av adverbiale innleiarord som ikkje står i C-kjernen, kan vera ein motivasjon for å hevda at det alltid er noko, synleg eller usynleg, i C-kjernen. Denne mulegheita har eg ikkje utforska, men eg har ymta om at fakultative subjunksjonar kan tenkjast å vera fonetisk realisert eller ikkje, som i trestrukturen på side 66.

Tilnærminga mi til oppgåva har vore hovudsakleg formell. Ei meir semantisk tilnærming kunne forsøkja å ta stilling til kva for mekanismar som vel ut dei adverbiale innleiarorda og subjunksjonane. Eg har sagt i 4.4.3 at dette kan vera bestemt av setningstypen (sjølv om det like gjerne kan vera omvendt), men har ikkje gått i detalj. Av dei adverbiale innleiarorda er det nokre som samsvarar med subjunksjonen *at*, og andre som samsvarar med *om*. Desse kunne det vore interessant å kartleggja fullstendig.

6 Litteratur

- Adger, D. (2003). *Core Syntax: A Minimalist Approach*. New York: Oxford University Press.
- Beito, O. T. (1986). *Nynorsk grammatikk: lyd- og ordlære*. 2. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Berulfsen, B. (1967). *Norsk grammatikk: ordklassene*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Boeckx, C. (2006). *Linguistic Minimalism: Origins, Concepts, Methods, and Aims*. New York: Oxford University Press.
- Chomsky, N. (1981). "On the Representation of Form and Function". I *The Linguistic Review* 1, nr. 1. ss. 3-40. De Gruyter.
- Chomsky, N. (1986). *Barriers*. Cambridge, MA: MIT Press.
- Chomsky, N. (1995). *The Minimalist Program*. Cambridge, MA: MIT Press.
- Falk, H. og A. Torp. (1900). *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. Kristiania: Aschehoug.
- Faarlund, J. T., S. Lie, og K. I. Vannebo. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haegeman, L. (1994). *Introduction to Government and Binding Theory*. 2. utgåva. Oxford, England/ Cambridge, MA: Blackwell Publishers.
- Holmberg, A. og C. Platzack. (1995). *The role of inflection in Scandinavian syntax*. New York: Oxford University Press.
- Huang, C.-T. J. (1982). *Logical Relations in Chinese and the Theory of Grammar*. Doktoravhandling. Cambridge, MA: Massachusetts Institute of Technology.
- Hukari, T. E. og R. D. Levine. (1995). "Adjunct Extraction". I *Journal of Linguistics* 31. ss. 195-226. Cambridge: Cambridge University Press.
- Johannessen, J. B. (2003.) "Forord"; "Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus". I Johannessen, J. B. (red.), S. Erlenkamp, J. T. Faarlund, E. Lanza og A. M. Vonen. *På språkjakt: problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling*. ss. 1-4; 133-171. Oslo: Unipub Forlag.
- Johannessen, J. B., J. Priestley, K. Hagen, T. A. Åfarli, og Ø. A. Vangsnes. (2009). "The Nordic Dialect Corpus - an Advanced Research Tool". I Jokinen, K. og E. Bick (red.): *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009. NEALT Proceedings Series 4*. ss. 73-80. Northern European Association for Language Technology (NEALT).
- Johnson, K. (2003) "Towards an Etiology of Adjunct Islands". I Dahl, A., K. Bentzen, og P. Svenonius (red.). *Nordlyd. Proceedings of the 19th Scandinavian Conference of Linguistics* 31, nr. 1. ss. 187-215. Universitetet i Tromsø: Institutt for språkvitenskap.
- Larson, R. (1988). "On the Double Object Construction". *Linguistic Inquiry* 19. ss. 335-391. Cambridge, MA: MIT Press.
